



DET KONGELEGE
NÆRINGS- OG FISKERIDEPARTEMENT

Prop. 27 S

(2024–2025)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Endringar i statsbudsjettet 2024 under Nærings- og fiskeridepartementet

*Tilråding frå Nærings- og fiskeridepartementet 22. november 2024,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Støre)*

1 Innleiing

I denne proposisjonen legg Nærings- og fiskeridepartementet fram endringsforslag på statsbudsjettet 2024 i samsvar med punkt 2 og 3 nedanfor.

2 Omtale av forslag til utgiftsendringar

Kap. 900 Nærings- og fiskeridepartementet

Post 01 Driftsutgifter

Forvaltning av klagesaker

Ansvar for klagesaker der Fiskeridirektoratet er førsteinstans blei 16. september ført over frå Fiskeridirektoratets klagesakseining til Nærings- og fiskeridepartementet. Det er berekna at kostnaden knytt til det nye ansvaret vil vere 0,8 mill. kroner i 2024. På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 0,8 mill. kroner mot ein tilsvarende reduksjon av driftsutgiftene under Fiskeridirektoratet, jf. omtale under kap. 917, post 01.

Overføring av eigarskap i Flytoget

Forvaltninga av staten sitt eigarskap i Flytoget AS blei frå 1. juli 2024 overført frå Nærings- og fiskeridepartementet til Samferdselsdepartementet. I september 2024 gav Samferdselsdepartementet styra i Vygruppen AS og Flytoget AS i mandat å førebu ei samanslåing av selskapa ved at Flytoget AS skal inngå som dotterselskap i Vygruppen AS. Mandatet Samferdselsdepartementet har gitt dei respektive styra, vil for ein avgrensa periode føre til auka arbeidsmengd for staten som eigar. Nærings- og fiskeridepartementet gjer difor framlegg om ei overføring av 0,4 mill. kroner frå Nærings- og fiskeridepartementet sitt driftsbudsjett til Samferdselsdepartementets kap. 1300, post 01.

Det gjerast også framlegg om å auke løyvinga med 9,7 mill. kroner som følgje av eit anslag på verknaden av lønsoppgjøret i staten for 2024. Sjå nærare omtale i nysalderingsproposisjonen frå Finansdepartementet.

Samla gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 10,1 mill. kroner, til 511,3 mill. kroner.

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overført

Mattilsynet spelar ei avgjerande rolle i å sikre marknadstilgang og opne nye marknader for sjømat. For å oppretthalde og auke eksporten til nye marknader krevst ei styrking av Mattilsynet sin kapasitet i arbeidet med marknadstilgang. I den globale handelen er auka handelshindringar blitt ei utfordring som Mattilsynet må handtere, og som krev meir ressursar enn Mattilsynet har per i dag. Eksisterande og nye marknader innfører meir detaljerte krav, som i praksis fungerer som handelshindringar for å gi importløyve for norsk sjømat. Det er detaljerte krav til informasjon i helsesertifikat og til dokumentasjon om produksjonskjeder, og dette krev meir ressursar frå Mattilsynet. På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 3 mill. kroner, til 80,2 mill. kroner.

Post 27 Etablering av støtteregister

Prosjektet inneber ein oppdatert og meir moderne versjon av det allereie etablerte Registeret for offentleg støtte, forvalta av Brønnøysundregistra. Det var opphavleg planlagt avslutta i 2024, utviklingsarbeidet er i 2024 kome langt, men vidare arbeid er avhengig av at regelverket for registeret er vedteke. Registeret er føresett ferdigstilt i 2025. Departementet gjer difor framlegg om å redusere løyvinga i 2024 med 11,6 mill. kroner, til 12,7 mill. kroner. Departementet vil kome tilbake med ei ny vurdering av behovet for løyving i 2025 i samband med revidert budsjett 2025.

Post 31 Miljøtiltak Svea og Lunckefjell, kan overført

I Saldert budsjett 2024 blei det løyvd 48,3 mill. kroner til Store Norske Spitsbergen Kulkompani AS for miljøtiltak i Svea og Lunckefjell. Dei faktiske kostnadene for prosjektet i 2024 blei 14,15 mill. kroner mindre enn det som låg til grunn i Saldert budsjett. Oppryddinga i Svea og Lunckefjell er ferdig, og formell overtaking av prosjektet til miljøstyresmaktene var hausten 2024. På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 14,2 mill. kroner, til 34,2 mill. kroner.

Post 70 Tilskot til internasjonale organisasjonar

Gjeldande løyving er 58,5 mill. kroner og dekkjer kontingent i ei rekkje internasjonale organisasjonar som Noreg er medlem av. Det er no anslått at

utbetalingane for 2024 vil utgjere om lag 65 mill. kroner. Kontingenten i Det europeiske maritime tryggleiksbyrået (EMSA) har åleine auka med 5,5 mill. kroner meir enn det som blei lagt til grunn i revidert budsjett, til om lag 35,5 mill. kroner. I tillegg har kontingenten til Den nordaustasiatiske fiskerikommisjonen auka med 1 mill. kroner frå om lag 7 til 8 mill. kroner.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 6,5 mill. kroner, til 65 mill. kroner.

Kap. 902 Justervesenet

Post 01 Driftsutgifter

Det gjerast framlegg om å auke løyvinga med 2,2 mill. kroner som følgje av eit anslag på verknaden av lønsoppgjeret for 2024. Sjå nærare omtale i nysalderingsproposisjonen frå Finansdepartementet.

Kap. 903 Norsk akkreditering

Post 01 Driftsutgifter

Departementet gjer framlegg om å auke løyvinga med 3 mill. kroner med inndekking frå kap. 940, post 21, jf. omtale under denne posten. Norsk akkreditering har fått enno fleire oppseiingar frå bedømere, og hatt større utfordringar med rekruttering av nye enn det som låg til grunn for innspelet til revidert nasjonalbudsjett i vår. Utfordringar med å rekruttere tilsette gjer at etaten må nytte innleigde bedømere til ein høgare kostnad. Etaten må også lære opp nye tilsette, som fører til redusert inntektsgjevande aktivitet utan at kostnadene kan reduserast. Til saman har dette ført til at etaten går mot eit underskot, til tross for auka løyving på 3 mill. kroner gjennom handsaminga av revidert nasjonalbudsjett 2024. Denne tilleggs-løyvinga har i stor grad vore nytta til å auke kapasiteten til å gjennomføre pålagte oppgåver innanfor internasjonalt samarbeid, vidareutvikling av eksisterande ordningar for akkreditering og utvikling av nye. Ein ytterlegare auka av løyvinga vil løyse dei kortsiktige utfordringane Norsk akkreditering har i 2024, slik at etaten kan levere på sitt samfunnsoppdrag ved å bidra til trygge varer og tenester på den norske marknaden og sikre internasjonal marknadstilgang for norsk næringsliv. I Prop. 1 S for 2025 har regjeringa foreslått å auke løyvinga vesentleg.

Det gjerast også framlegg om å auke løyvinga med 0,9 mill. kroner som følgje av eit anslag på

verknaden av lønsoppgjøret for 2024. Sjå nærare omtale i nysalderingsproposisjonen frå Finansdepartementet.

Samla gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 3,9 mill. kroner, til 71,9 mill. kroner.

Kap. 904 Brønnøysundregistra

Post 01 Driftsutgifter

Departementet gjer framlegg om å auke løyvinga med 3,6 mill. kroner mot ei tilsvarende auke under kap. 3904, post 02. Endringa kjem som følgje av utviklingsarbeid i Våpenregisteret som er dekt av Justis- og beredskapsdepartementet.

Det gjerast også framlegg om å auke løyvinga med 6,8 mill. kroner som følgje av eit anslag på verknaden av lønsoppgjøret for 2024. Sjå nærare omtale i nysalderingsproposisjonen frå Finansdepartementet.

Samla gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 10,4 mill. kroner, til 520,3 mill. kroner.

Post 45 Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald, kan overførast

Det er forventet mindreforbruk på posten i 2024 som følgje av forskyving av prosjektkostnader til 2025.

Prosjektet for ny registerplattform i Brønnøysundregistra (BRsys) klarer ikkje å levere som planlagt i 2024, og vil ha eit mindreforbruk på om lag 17,3 mill. kroner. Det har over tid vore lågare kostnadseffektivitet og framdrift i prosjektet enn planlagt. Departementet har gitt Brønnøysundregistra i oppdrag å oppdatere det sentrale styringsdokumentet for prosjektet slik at prosjektet framover styrast etter meir realistiske planar. Det vil framleis vere risiko for forseinka framdrift i prosjektet.

Prosjektet for brukarvennlege registertjenester har avhengigheiter både til BRsys-prosjektet og Brønnøysundregistra sin del av programmet Nye Altinn. Avvik i framdrifta i begge desse prosjekta gjer at det også er avvik i framdrift i prosjektet for brukarvennlege registertjenester. Mindreforbruket i 2024 utgjer om lag 24,7 mill. kroner.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 42 mill. kroner i 2024, til 171 mill. kroner. Departementet tar sikte på å gjere framlegg om tilsvarende auke av løyvinga i revidert nasjonalbudsjett 2025.

Kap. 905 Noregs geologiske undersøking

Post 01 Driftsutgifter

Det gjerast framlegg om å auke løyvinga med 4,1 mill. kroner som følgje av eit anslag på verknaden av lønsoppgjøret for 2024. Sjå nærare omtale i nysalderingsproposisjonen frå Finansdepartementet.

Kap. 906 Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard

Post 01 Driftsutgifter

Det gjerast framlegg om å auke løyvinga med 1,1 mill. kroner som følgje av eit anslag på verknaden av lønsoppgjøret for 2024. Sjå nærare omtale i nysalderingsproposisjonen frå Finansdepartementet.

Post 30 Sikrings- og miljøtiltak, kan overførast

Departementet gjer framlegg om å redusere løyvinga med 9 mill. kroner, til 3 mill. kroner. Endringa kjem som følgje av lågare kapasitet og utfordringar med å rekruttere personell med rett kompetanse til Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard, noko som har medført at ikkje alle sikrings- og miljøtiltak kunne gjennomførast som planlagt i 2024.

Kap. 907 Norsk nukleær dekommisjonering

Post 01 Driftsutgifter, kan nyttast under kap. 908, post 70

Tilsetjingsprosessar ved Norsk nukleær dekommisjonering har teke lengre tid enn planlagt mellom anna på grunn av utfordringar med tilgang på kvalifiserte søkarar. På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 10 mill. kroner.

Det gjerast også framlegg om å auke løyvinga med 1,8 mill. kroner som følgje av eit anslag på verknaden av lønsoppgjøret for 2024. Sjå nærare omtale i nysalderingsproposisjonen frå Finansdepartementet.

Samla gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 8,2 mill. kroner, til 158,3 mill. kroner.

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast

Løyvinga finansierer oppryddingsprosjekt i regi av Norsk nukleær dekommisjonering og Institutt

for energiteknikk. For størsteparten av prosjektporteføljen under posten er det behov for å gjennomføre omfattande alternativvurderingar, utgreiingar og vurderingar av tryggleik, mellom anna for å oppfylle krav frå Direktoratet for strålevern og atomtryggleik. Fleire av prosjekta har hatt lågare framdrift enn planlagt. Dette skuldast mellom anna at det er utfordringar med å bruke rammeavtalar med utanlandske leverandørar på grunn av krav til tryggleik. Det har også vore forseinkingar i anskaffingsprosessar, mellom anna fordi det er snakk om svært spesialiserte anskaffingar med få tilbydarar.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 150 mill. kroner, til 314,2 mill. kroner.

Kap. 908 Institutt for energiteknikk

Post 72 Lån til flytting av laboratorium og infrastruktur

Dei nukleære anlegga på Kjeller skal overførast frå Institutt for energiteknikk (IFE) til Norsk nukleær dekkommissjonering (NND). Dette inneber at IFE må flytte laboratorium og IKT-infrastruktur knytt til anna verksemd ved instituttet ut frå det området som skal overførast til NND. For å sikre framdrifta i oppryddingsarbeidet har staten gitt tilsegn om eit lån til IFE for å finansiere flyttinga. Ramma for lånet er sett til 120 mill. kroner.

Framdrifta i flytteprosjektet har vore lågare enn føreset, i hovudsak på grunn av reguleringsprosessen knytt til nytt laboratoriebygg. I følgje eit oppdatert anslag frå IFE vil lånebehovet i 2024 utgjere 14 mill. kroner.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 21 mill. kroner, til 14 mill. kroner.

Kap. 910 Sjøfartsdirektoratet

Post 01 Driftsutgifter

Med bakgrunn i auka inntekter gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 1,75 mill. kroner, mot ein tilsvarande auke av inntektene, jf. omtale under kap. 3910, post 03.

Det gjerast også framlegg om å auke løyvinga med 8,5 mill. kroner som følgje av eit anslag på verknaden av lønsoppgjeret for 2024. Sjå nærare omtale i nysalderingsproposisjonen frå Finansdepartementet.

Samla gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 10,3 mill. kroner, til 492,2 mill. kroner.

Kap. 911 Konkurransetilsynet

Post 01 Driftsutgifter

Det gjerast framlegg om å auke løyvinga med 2,7 mill. kroner som følgje av eit anslag på verknaden av lønsoppgjeret for 2024. Sjå nærare omtale i nysalderingsproposisjonen frå Finansdepartementet.

Kap. 912 Klagenemndssekretariatet

Post 01 Driftsutgifter

Det gjerast framlegg om å auke løyvinga med 739 000 kroner som følgje av eit anslag på verknaden av lønsoppgjeret for 2024. Sjå nærare omtale i nysalderingsproposisjonen frå Finansdepartementet.

Post 21 Særskilde driftsutgifter

Stortinget har samtykka i at Nærings- og fiskeridepartementet kan overskride løyvinga for å dekkje eventuelle saksomkostningar knytt til endring av innklaga vedtak til fordel for ein part i medhald av forvaltningslova § 36, i saker som handsamast av nemnder Klagenemndssekretariatet betener.

Ved utgangen av september var det fatta vedtak om dekking av slike saksomkostningar på til saman om lag 9,4 mill. kroner, som har blitt utbetalt eller vil bli utbetalt i løpet av året. Vedtaka om dekking av saksomkostningar er knytt til åtte ulike saker, som har vore handsama i Medieklagenemnda, Markedsrådet og Konkurranseskilagenemnda. Det er uklart om det vil bli fatta fleire vedtak om dekking av slike utgifter i løpet av året, og i så fall kor mykje som vil bli dekt.

I tillegg har Konkurranseskilagenemnda sine vedtak i fire saker om dekking av saksomkostningar blitt påklaga til Nærings- og fiskeridepartementet. Nemnda har i utgangspunktet vedteke dekking av til saman om lag 15,1 mill. kroner i dei fire klagesakene. Det er sannsynleg at klagesakene vil bli behandla av departementet i løpet av året. Det er usikkert kor mykje departementet vil vedta skal dekkjast i dei fire sakane, då det avheng av klagebehandlinga i departementet. På grunn av denne uvissa blir beløpet som Konkurranseskilagenemnda har vedteke, lagt til grunn for forslaget om auka løyving knytt til desse fire sakene.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 24,2 mill. kroner, til 24,4 mill. kroner.

Kap. 913 Daglegvaretilsynet

01 Driftsutgifter

Det gjerast framlegg om å auke løyvinga med 158 000 kroner som følgje av eit anslag på verknaden av lønsoppgjeret for 2024. Sjå nærare omtale i nysalderingsproposisjonen frå Finansdepartementet.

Kap. 915 Regelrådet

Post 01 Driftsutgifter

Det gjerast framlegg om å auke løyvinga med 258 000 kroner som følgje av eit anslag på verknaden av lønsoppgjeret for 2024. Sjå nærare omtale i nysalderingsproposisjonen frå Finansdepartementet.

Kap. 916 Kystverket

Post 01 Driftsutgifter, kan nyttast under post 45

Det er behov for å auke løyvinga med 21 mill. kroner, og departementet gjer framlegg om å omdisponere midlane frå post 30. Av dei 21 mill. kronene vil 18 mill. kroner dekkje inn auka kostnader ved Kystverket sitt reiarlag i samband med vedlikehald og fornying av navigasjonsinnretningane, og 3 mill. kroner vil dekkje inn auka kostnader ved Vardø sjøtrafikksentral. På dette grunnlag gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 21 mill. kroner, jf. omtale under post 30.

Det gjerast også framlegg om å auke løyvinga med 12,4 mill. kroner som følgje av eit anslag på verknaden av lønsoppgjeret for 2024. Sjå nærare omtale i nysalderingsproposisjonen frå Finansdepartementet.

Samla gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 33,4 mill. kroner, til 1,233 mrd. kroner.

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast

Det er behov for å auke løyvinga med 10 mill. kroner, og departementet gjer framlegg om å omdisponere midlane frå post 30. Posten er

hendingsstyrt, og det er behov for å dekkje Kystverket sine kostnader knytt til slep av lasteskipet MV Ruby i september 2024. Nærings- og fiskeridepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga med 10 mill. kroner, til 46,1 mill. kroner, jf. omtale under post 30. Nærings- og fiskeridepartementet har fremja krav om refusjon frå ansvarleg forureinar.

Post 22 Driftsutgifter brukarfinansierte tenester, kan overførast, kan nyttast under post 46

Nærings- og fiskeridepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga med 28,1 mill. kroner, til 1,155 mrd. kroner, jf. også omtale om reduksjon av inntekt under post 77.

Post 30 Nyanlegg og større vedlikehald, kan overførast

Forseinka oppstart i fleire prosjekt innan Kystverket si utbyggingsportefølje fører til at det har oppstått eit mindreforbruk på posten. Med utgangspunkt i rasjonell framdrift i prosjekt som har starta og som er planlagde, vil Kystverket kunne gjennomføre alle tiltak innanfor vidareført ramme. På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 31 mill. kroner, til 852,8 mill. kroner. jf. omtale om tilsvarande auke under post 01 og 21.

Kap. 917 Fiskeridirektoratet

Post 01 Driftsutgifter

Ansaret for klagesaker der Fiskeridirektoratet er førsteinstans, blei 16. september ført over frå Fiskeridirektoratet sin klagesakseining til Nærings- og fiskeridepartementet. Det er berekna at innsparringa hos Fiskeridirektoratet vil utgjere 0,8 mill. kroner i 2024. På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 0,8 mill. kroner, mot ein tilsvarande auke av driftsutgiftene under Nærings- og fiskeridepartementet, jf. omtale under kap. 900, post 01.

Det gjerast også framlegg om å auke løyvinga med 8,5 mill. kroner som følgje av eit anslag på verknaden av lønsoppgjeret for 2024. Sjå nærare omtale i nysalderingsproposisjonen frå Finansdepartementet.

Samla gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 7,7 mill. kroner, til 513,9 mill. kroner.

Post 23 Prisoråd for havbruk

Posten skal dekkje kostnader til etablering og drift av Prisorådet, sekretariat og klagemyndigheita i 2024. Gjeldande løyving er på 12,9 mill. kroner. Fiskeridirektoratet estimerer eit forbruk på posten på 12 mill. kroner. På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 0,9 mill. kroner.

Kap. 919 Ymse fiskeriføremål*Post 60 Tilskot til kommunar og fylkeskommunar*

Kommunar og fylkeskommunar med oppdrettsverksemd får utbetalt 55 pst. av inntektene frå sal av nye oppdrettsløyve, i tillegg til produksjonsavgifta på laks, aure og regnbogeure i sin heilskap. Produksjonsavgifta blir utbetalt etterskotsvis. Kommunal sektor sin del av inntektene frå sal av oppdrettsløyve i 2024 utgjer 3,42 mrd. kroner.

Stortinget vedtok i oppmodingsvedtak 716 (2022–2023) at Havbruksfondet skulle tilførast midlar som om produksjonsavgifta blei auka frå 56 til 90 øre frå 1. januar 2023. Dette gjer at kommunar og fylkeskommunar også får utbetalt 1,276 mrd. kroner frå produksjonsavgifta, sjølv om det faktiske provenyet blei lågare. Ein viser til omtale under kap. 3917, post 13.

Som følgje av auka inntekter frå sal av oppdrettsløyve og Stortingets oppmoding gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke samla løyving med 1,544 mrd. kroner, til 4,695 mrd. kroner.

Det pågår framleis noko behandling av klager om unntaksvekst, og dei endelege inntektene frå tildelingsrunda er difor ikkje kjent. Sjølve utbetalinga til kommunar og fylkeskommunar for 2024 skjeddde i oktober, basert på førebels inntektsanslag. Fordi det kan kome fleire inntekter etter at utbetalinga i 2024 er gjort, i samband med saker om unntaksvekst, gjer departementet framlegg om at posten blir tilført stikkordet «kan overførast», jf. forslag til vedtak II. Vidare gjer departementet framlegg om å justere meirinntektsfullmakta som blei gitt i samband med revidert nasjonalbudsjett 2024 slik at 55 pst. av eventuelt seint innbetalte meirinntekter frå tildelingsrunden i 2024 kan bli utbetalt til kommunar og fylkeskommunar i 2025. Departementet gjer difor framlegg om ein utvida meirinntektsfullmakt, jf. forslag til vedtak III.

Post 75 Tilskot til næringstiltak i fiskeria, kan overførast

Posten dekkjer utgifter til ordningar som skal medverke til utvikling og auka lønsemd for fiskeri- og fangstnæringa, samt til utskrivning eller utferding av fangstsertifikat. Dei siste fem åra har kostnadane til agn i linefiske nesten dobla seg, mellom anna som følgje av auka prisar på fisk til bruk i agn. For å avhjelpe situasjonen gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å etablere ei ordning for lineegnetilskot som vil redusere kostnadsbyrda i 2025.

Ordninga skal vere rammestyrt, søknadsbasert og ha ei ramme på 18 mill. kroner. Ein legg til grunn at Garantikassa for fiskarar skal administrere ordninga, og at Garantikassa sine administrasjonskostnader blir dekt innanfor ordninga sine rammer. Det kan søkjast om tilskot for utgifter til agn for perioden januar til desember 2025. Fartøy som drifter med line, kan søkje om tilskot. Nærings- og fiskeridepartementet vil vurdere om ordninga skal avgrensast ytterlegare, til dømes geografisk. Garantikassa vil utbetale dei enkelte tilskota på grunnlag av dokumenterte utgifter til agn eller egning av line til fiske i nære farvatn. Dersom det er fleire søknadar enn det midlane i ordninga kan imøtekomme, skal søknadane prioriterast etter når dei er komne inn. Nærings- og fiskeridepartementet vil fastsetje ei forskrift for tilskotsordninga, og det blir lagt opp til å utbetale heile løyvinga til Garantikassa for nyttår. På dette grunnlag gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 18 mill. kroner, til 40,1 mill. kroner.

Kap. 922 Romverksemd*Post 70 Kontingent i European Space Agency (ESA)*

Kontingenten i ESA blir utbetalt i euro. Valutakursen har vore høgare enn den som blei lagt til grunn i revidert nasjonalbudsjett 2024. I tillegg har det også vore auka pensjonskostnad i ESA samanlikna med det som blei lagt til grunn i Saldert budsjett for 2024. På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 0,9 mill. kroner, til 267,3 mill. kroner.

Post 71 Internasjonal romverksemd

I revidert nasjonalbudsjett 2024 blei løyvinga til ESA sine industriretta program redusert. Årsaka var tilbakebetaling av midlar grunna lågare fram-

drift enn forventa. Det tilbakeførte beløpet blei høgare enn estimert, og valutakursen for tilbakebetalinga var lågare enn forventa. Posten skal også dekkje kostnader til Radarsat-avtalen, som utbetalast i dollar. Det blir lagt til grunn ein noko lågare valutakurs på uteståande betaling samanlikna med kursen som blei brukt i revidert nasjonalbudsjett 2024. På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 7,2 mill. kroner, til 501,4 mill. kroner.

Post 73 EU sine romprogram

Kontingent for norsk deltaking i romprogramma til EU blir utbetalt i euro. Høgare eurokurs ved utbetalingsdato i august enn det som blei lagt til grunn i revidert nasjonalbudsjett 2024 tilseier eit høgare løyvingsbehov. På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 27,1 mill. kroner, til 851,5 mill. kroner.

Kap. 923 Havforskningsinstituttet

Post 01 Driftsutgifter, kan nyttast under post 21

Styrka ressursforskning i Barentshavet og kystområda i nord

Reduserte torskekvotar og endra utbreiing har ført til auka behov for å utnytte andre artar, der kunnskapsgrunnlaget kan vere mangelfullt. Det er behov for å styrke data og kunnskapsgrunnlaget for blant anna lange, brosme, blåkveite, uer, kveite og breiflabb. Betre kunnskap vil gi redusert usikkerheit i rådgjevinga, og leggje til rette for berekraftig forvaltning av fiskeressursane. På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 8 mill. kroner.

Utvikling av forvaltingsverktøy for kystsona i Finnmark og Nord-Troms

Det er stort behov for meir kunnskap om påverknad og status i fjordane i nord. Dette gjeld mellom anna i Porsanger, Alta, Loppa og Kvænangen. Ved å vidareutvikle dataløyper for å kunne kombinere ulike verktøy som straummodellar, Salcod-prosjektet, marine grunnkart mv. vil grunnlaget for forvaltninga bli betre. Dette gjeld både naturforvaltning, fiskeforvaltning og havbruksforvaltning. Betre kunnskapsgrunnlag for forvaltninga vil kunne bidra til at potensialet for verdiskaping i Finnmark og Nord-Troms kan utnyttast

betre. På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 3 mill. kroner.

Det gjerast også framlegg om å auke løyvinga med 8,4 mill. kroner som følgje av eit anslag på verknaden av lønsoppgjeret for 2024. Sjå nærare omtale i nysalderingsproposisjonen frå Finansdepartementet.

Samla gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 19,5 mill. kroner, til 652,1 mill. kroner.

Kap. 924 Internasjonale samarbeidsprogram

Post 70 Tilskot

Det er gitt ein løyving på 371,7 mill. kroner i Saldert budsjett 2024 som skal dekkje norsk deltaking i EU sitt investeringsprogram, InvestEU, og EU sitt program for den indre marknaden.

Norsk deltaking i delar av investeringsprogrammet InvestEU (2021–2027) inneber årlege innbetalningar til InvestEU-fondets tapsfond, norsk kontingent for deltaking i InvestEU-portalen og administrasjonskostnader. Storleiken på dei årlege overføringane vil variere med valutakurs når det gjeld tapsfondet og med både valutakurs og proporsjonalitetsfaktoren for andre bidrag. I saldert budsjett 2024 blei det avsett totalt 286,7 mill. kroner til norsk deltaking i programmet. På grunn av lågare valutakurs enn det som låg til grunn for Saldert budsjett, er det utbetalt om lag 272,5 mill. kroner, fordelt med 271,9 mill. kroner til tapsavsetjing og 0,6 mill. kroner til InvestEU-portalen og administrasjonskostnader. Som følgje av dette kan løyvinga reduserast med 14,2 mill. kroner.

Den estimerte samla kostnaden for deltaking i programdelane som Nærings- og fiskeridepartementet er ansvarleg for under EU sitt program for den indre marknaden blei budsjettert til 85 mill. kroner for 2024. Det endelege beløpet blei 1,4 mill. kroner lågare.

Samla gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 15,6 mill. kroner, til 356,1 mill. kroner.

Kap. 926 Havforskningsinstituttet, forskingsfartøy

Post 01 Driftsutgifter

Havforskningsinstituttet har inngått avtale om anskaffing av to ubemanna forskingsfarkostar, med planlagt leveranse i september 2022. Den

eine farkosten blei levert i august 2024, og den andre skal leverast i desember 2024. I følgje avtalen blir det rekna dagbot for leverandør for maksimalt 20 dagar. I dette tilfellet utgjer dagbota til saman 6 mill. kroner. Det står att å betale 3 mill. kroner for farkostane. Etter motrekning mot gjenstående betaling vil det stå att 3 mill. kroner av dagbota som vil bli utbetalt til Havforskningsinstituttet. Dette vil dekkje dei meirkostnadene instituttet får som følgje av den forseinka leveringa.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 3 mill. kroner, jf. omtale under kap. 3926, ny post 86.

Det gjerast også framlegg om å auke løyvinga med 2,6 mill. kroner som følgje av eit anslag på verknaden av lønsoppgjøret for 2024. Sjå nærare omtale i nysalderingsproposisjonen frå Finansdepartementet.

Samla gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 5,6 mill. kroner, til 216,4 mill. kroner.

Kap. 935 Patentstyret

Post 01 Driftsutgifter

Patentstyret har hatt ekstraordinære og uventa utgifter i samband med flytting til nye lokale og på grunn av svekt kronekurs.

For å unngå at dei auka kostnadene i 2024 skal redusere etatens økonomiske handlingsrom og forseinke arbeide med naudsynte oppdateringar og oppgradering av blant anna IKT-utstyr, gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 3,5 mill. kroner. Auka handsamast innanfor inntektsrammene for dei gebyrfinansierte tenestene over tid.

Det gjerast også framlegg om å auke løyvinga med 6,4 mill. kroner som følgje av eit anslag på verknaden av lønsoppgjøret for 2024. Sjå nærare omtale i nysalderingsproposisjonen frå Finansdepartementet.

Samla gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 9,9 mill. kroner, til 352,9 mill. kroner.

Kap. 936 Klagenemnda for industrielle rettar

Post 01 Driftsutgifter

Dei samla utgiftene til Klagenemnda for industrielle rettar blir høgare enn venta i 2024, blant anna på grunn av høgare pensjonskostnader enn lagt til

grunn i saldert budsjett og auka bruk av ekspertvitne i rettssaker. Meirutgifta utgjer om lag 0,3 mill. kroner i 2024.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 0,3 mill. kroner.

Det gjerast også framlegg om å auke løyvinga med 177 000 kroner som følgje av eit anslag på verknaden av lønsoppgjøret for 2024. Sjå nærare omtale i nysalderingsproposisjonen frå Finansdepartementet.

Samla gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 0,5 mill. kroner, til 9,2 mill. kroner.

Kap. 940 Internasjonaliseringstiltak

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast

Posten skal dekkje utgifter knytt til tenester, oppdrag og prosjekt som er viktige for departementet sitt arbeid, men som departementet ikkje har kapasitet eller kompetanse til å utføre sjølv. Posten har gjenstående midlar for det inneverande året. Desse midlane vurderast som store nok til å kunne omdisponere 3 mill. kroner med avgrensa konsekvensar, gitt postens formål og noverande storleik. Norsk akkreditering sine aktivitetar bidreg til å tryggje norske varer og tenester på marknaden, noko som bidreg til eksport og sikrar internasjonal marknadstilgang. På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å omdisponere 3 mill. kroner frå denne posten til Norsk akkreditering, jf. omtale under kap. 903, post 01.

Post 70 Eksportfremjetiltak

Løyvinga skal finansiere dei nasjonale eksportfremjesatsingane som følgjer opp eksportreforma Heile Noreg eksporterer. Gjennom eksportreforma har departementet etablert eit Nasjonalt eksportråd som gir råd og innspel til næringsministeren og utformar framlegg til større strategiske eksportfremjesatsingar. Rådet er satt saman av representantar frå næringslivet og partane i arbeidslivet. Nasjonalt eksportråd har levert forslag til eksportfremjesatsingar innan sektorar som havvind, maritim, design, helsenæringa og reiselivsnæringa, og arbeider med å konkretisere ei eksportfremjesatsing på sjømat. Alt arbeid skjer i nær dialog med norsk næringsliv slik at satsingane er godt forankra. Det har teke tid å ta i bruk løyvinga, men ein har no igangsett satsingane på havvind, maritim, samt på helse-

design- og reiselivsnæringa. Fordi arbeidet ikkje er fullført, vil det ikkje vere mogleg å utbetale alle midlane som er sett av til føremålet i inneverande budsjettår. På bakgrunn av kravet om realistisk budsjettering gjer Nærings- og fiskeridepartementet difor framlegg om å redusere løyvinga med 54,9 mill. kroner i 2024. Departementet vil vurdere løyvinga behovet til eksportfremjesatsingar i seinare budsjetttrundar.

Kap. 950 Forvaltning av statleg eigarskap

Post 96 Aksjar

Det blei gjennom handsaminga av revidert nasjonalbudsjett 2024 løyvd 250 mill. kroner i ny eigenkapital til Mantena AS. Det gjekk fram av proposisjonsteksten at tilførsle av kapital kan skje i ein eller fleire transjer. Det blei i juni 2024 utbetalt 198 mill. kroner til Mantena, resterande 52 mill. kroner blei det satt særskilde vilkår til før utbetaling til selskapet, mellom anna krav til styrka forretningsplan og rapportering. Målsetjinga er at vilkåra skal vere ivareteke slik at utbetaling kan finne stad i 2024, men det er mogleg at dette ikkje er på plass før i tidleg i 2025. Nærings- og fiskeridepartementet gjer difor framlegg om at posten tilførast stikkordet «kan overførast», jf. forslag til vedtak II.

Kap. 951 Store Norske Spitsbergen Kulkompani AS

Post 71 (ny) Tilskot til utgreiingar knyta til energisystemet i Longyearbyen

Store Norske Spitsbergen Kulkompani AS (Store Norske) driv verksemd innan bergverk, eigedom (bustad og næringsbygg), logistikk og fornybar energi. I tillegg har Store Norske vore ansvarleg for oppryddinga etter den tidlegare kolverksemda i Svea og Lunckefjell. Selskapet har hovudkontor i Longyearbyen.

Nærings- og fiskeridepartementet og Justis- og beredskapsdepartementet ga i mars 2024 Store Norske i oppdrag å gjennomføre ei konseptvalutgreiing (KVU) av ulike alternativ for framtidig energiforsyning i Longyearbyen og ei tilstandsvurdering av eksisterande infrastruktur med tilhøyrande kapitalbehov. KVU-en vil bidra til eit faktabasert grunnlag for å kunne vurdere korleis den framtidige energiløysinga i Longyearbyen bør vere, inkl. overgangen til fornybar energi.

Svalbard Energi AS (SEAS) har i dag ansvaret for energiforsyninga i Longyearbyen, og SEAS er

100 pst. eigd av Longyearbyen lokalstyre. I etterkant av at Store Norske fekk i oppdrag å gjennomføre ei KVU og ei tilstandsvurdering av eksisterande infrastruktur har regjeringa lagt fram ei ny stortingsmelding om Svalbard (Meld. St. 26 (2023–2024)) der det mellom anna står at regjeringa har som intensjon at staten skal ta eit større ansvar for energiforsyninga i Longyearbyen, til dømes gjennom Store Norske, og avklare ansvaret for energiforsyninga så snart som mogeleg. Longyearbyen lokalstyre har også vedteke å gå i dialog med staten for å avklare ansvaret for energiforsyninga med intensjon om at ansvaret så raskt som mogeleg skal overførast til staten for å sikre fokus på drift, sikker forsyning og energiomstilling.

KVU-arbeidet og tilstandsvurderinga er vesentlege prosessar for å utarbeide eit grunnlag for å kunne ta endeleg stilling til eventuell overføring av ansvaret for energiforsyninga i Longyearbyen. I tillegg til dette er det behov for å gjennomføre ein økonomisk og finansiell selskapsgjennomgang (såkalla due diligence) av SEAS, og ei vurdering av eventuelle andre transaksjonskostnader inkludert å forstå finansielle implikasjonar av energireguleringa som Energidepartementet arbeider med. Dette må gjerast før ein tek endeleg stilling til eventuell overføring av ansvaret for energiforsyninga frå Longyearbyen lokalstyret til staten. Ein selskapsgjennomgang krev ekstern finansiell og juridisk støtte som Store Norske vurderer vil koste om lag 2,5 mill. kroner.

Store Norske-styret vurderte opphavleg at ei KVU og ei tilstandsvurdering av den eksisterande energiinfrastrukturen kunne gjennomførast innanfor ei kostnadsramme for ekstern støtte på om lag 8 mill. kroner, og at selskapet hadde finansielt handlingsrom til å handtere dette. Arbeidet har vist seg å vere meir komplekst og krevjande enn tidlegare rekna med, mellom anna grunna større behov for ekstern bistand. Kostnadsanslaget for ekstern bistand har difor auka til 11,5 mill. kroner. Tidsmessig vurderer Store Norske at det også er hensiktsmessig å gjennomføre selskapsgjennomgangen av SEAS no, slik at eventuelle funn frå gjennomgangen kan bli sett i samanheng med den tekniske tilstandsvurderinga. Med bakgrunn i dette og ein stram likviditet i selskapet har styret i Store Norske vurdert kapitalbehovet på nytt og bedt Nærings- og fiskeridepartementet som oppdragsgevar å bidra med 14 mill. kroner i tilskot til å dekkje kostnader knytt til KVU, tilstandsvurdering og selskapsgjennomgang av SEAS i 2024.

For å oppretthalde naudsynt framdrift i arbeidet med å etablere ei forsvarleg og sikker energi-

forsyning i Longyearbyen er det departementet si vurdering at arbeidet med KVU, tilstandsvurderinga av infrastrukturen og selskapsgjennomgangen av SEAS bør gjennomførast så snart som mogeleg. Dersom staten ikkje kompenserer kostnadane vil konsekvensen vere at det ikkje vil vere mogeleg å gjennomføre planlagde aktivitetar som er vurdert å vere tidskritiske. Departementet gjer difor framlegg om å løyve 14 mill. kroner i tilskot til Store Norske til å dekkje kostnader for arbeidet med KVU av energiforsyninga, tilstandsvurdering av eksisterande infrastruktur og for å gjennomføre ein selskapsgjennomgang av SEAS.

Kap. 952 Investinor AS

Post 50 Risikokapital

Ordninga med pre-så Kornfond blei overført frå Innovasjon Noreg til Investinor i 2020, og det blei oppretta eit nytt mandat for fonds- og matchinginvesteringar i Investinor. Stortinget vedtok i 2020 at det ikkje skulle opprettast nye fond under den opphavelige pre-så Kornordninga, og at det nye mandatet i Investinor mellom anna kunne ta hand om føremålet med ordninga med pre-så Kornfond og så Kornfond framover. Det blei lagt til grunn at tilbakebetalte utlån frå pre-så Kornfond kunne nyttast som inndecking for løyvingar til risikokapital til det nye mandatet i Investinor. Nærare omtale er gitt i Prop. 1 S (2019–2020) under «Saker i tilknytning til enkeltsekskaper» og under kap. 950, post 54 om Investinor sitt mandat for forvaltning av fonds- og matchinginvesteringar. Ein viser også til løyvinga på til saman 58,5 mill. kroner i 2021, jf. Prop. 27 S (2021–2022), Prop. 25 S (2023–2024) og til framlegg om tilbakeføring av 20,7 mill. kroner frå pre-så Kornordninga under kap. 3952, post 50.

Nærings- og fiskeridepartementet gjer framlegg om å nytte tilbakebetaling frå pre-så Kornordninga til å auke løyvinga til risikokapital i Investinor med 20,7 mill. kroner. Dette vil auke Investinor sin investeringskapasitet under mandatet. Ein viser også til omtale under post 95 der det blir gjort framlegg om å auke løyvinga til kapitalinnskot til mandatet med 38,4 mill. kroner i 2024. Bakgrunnen for at kapital til Investinor sjablongmessig blir budsjettert med 35 pst. risikokapital og 65 pst. kapitalinnskot er basert på prinsipp og etablert praksis for budsjettering av lånetransaksjonar i staten, jf. omtale i pkt. 8.2 i Prop. 1 S (2022–2023) *Gul bok*. Mandatet blir med dette tilført totalt 209 mill. kroner i 2024, inkludert 150 mill. kroner som er tilført tidlegare.

På dette grunnlaget gjer departementet framlegg om å auke løyvinga med 20,7 mill. kroner, til 73,2 mill. kroner.

Post 95 Kapitalinnskot

Nærings- og fiskeridepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga til mandatet for fonds- og matchinginvesteringar med til saman 59,1 mill. kroner, til 209,1 mill. kroner i 2024, jf. omtale under post 50.

På dette grunnlaget gjer departementet framlegg om å auke løyvinga med 38,4 mill. kroner, til 135,9 mill. kroner.

Kap. 2421 Innovasjon Noreg

Post 50 Tilskot til etablerarar og bedrifter, inkl. tapsavsetjingar

Gjennom handsaminga av revidert nasjonalbudsjett for 2024 fekk Innovasjon Noreg i oppgåve å forvalte den nye risikolåneordninga Grøn industrifinansiering. Ordninga har ei samla ramme på 5 mrd. kroner og avsetjing til tap på 1,75 mrd. kroner som blei gitt over ny post 53.

Som for andre låneordningar forvalta av Innovasjon Noreg skal kostnader til administrasjon bli dekt av renteinntektene frå ordninga. I 2024 har Innovasjon Noreg pådrege seg kostnader til ordninga utan å ha hatt renteinntekter. Innovasjon Noreg er i all hovudsak finansiert gjennom løyvingar frå det offentlege. Dermed må alle midlane nyttast i tråd med føringane som gjeld for dei ulike løyvingane og prinsippet om at den einskilde oppdragsgjevar skal dekkje kostnadane ved sine oppdrag til selskapet. Det er ingen andre løyvingar som kan dekkje kostnadane til denne ordninga i 2024. Som ei mellombels løysing gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om ei tilleggs-løyving på 6 mill. kroner til å dekkje kostnadene i 2024, mot tilbakebetaling i 2025 når ordninga er venta å få tilstrekkeleg med renteinntekter. Departementet vil kome tilbake til Stortinget med framlegg om tilbakebetaling av beløpet anten i revidert nasjonalbudsjett eller i nysalderinga for 2025.

Post 70 Basiskostnader

Skatteetaten har gjennomført ein kontroll av Innovasjon Noreg si melding for meirverdiavgift (mva-melding) for 6. termin 2021. Det er fatta eit vedtak som byggjer på at Innovasjon Noreg sin praksis ved å føre frådrag for meirverdiavgift

basert på aktiviteten til verksemda har vore feil. Konsekvensane av vedtaket er auka kostnader for Innovasjon Noreg, dels på grunn av eit krav om etterbetaling av mva-kostnader for åra 2021–2023, og dels fordi dei årlege mva-kostnadene, slik Skatteetaten tolkar reglane, vil bli høgare frå 2024 og framover. Innovasjon Noreg klaga på vedtaket i mars 2024. Skattekontoret fatta vedtak om delvis medhald i klaga si subsidiære merknad, som gjeld fordeling av dei felleskostnader som gir rett til frådrag for inngåande mva og dei som ikkje gjer det. Saka sin hoveddel, som gjeld rett til frådrag for inngåande mva for aktivitet som berre er finansiert ved offentlege tilskot, er oversendt til Skatteklagenemnda for avgjerd. I påvente av ei endeleg avgjerd held Innovasjon Noreg seg til Skatteetaten sitt vedtak, må innbetale kravet til Skatteetaten og avsetje for kostnaden i årsoppgjeret for 2024.

Selskapet har ikkje tilstrekkeleg eigenkapital til å dekkje kravet om tilbakebetaling. Som eigar har staten eit særskilt ansvar for at selskapet har forsvarleg eigenkapital. Nærings- og fiskeridepartementet gjer difor framlegg om å auke løyvinga for å dekkje selskapet sine mva-kostnader for åra 2021–2024 med 84 mill. kroner, til 260,3 mill. kroner. Dersom Innovasjon Noreg heilt eller delvis vinn fram i si klage til Skatteetaten, skal den overskytande delen av midlane betalast tilbake til statskassa.

Post 90 Lån frå statskassa til utlånsverksemd, overslagsløyving

Innovasjon Noreg kan ta opp innlån i statskassa til valfri løpetid og med ein rentesats som svarar til renta på statspapir med same løpetid. Innovasjon Noreg refinansierer utlånsporteføljen ved å ta opp korte og langsiktige lån i statskassa med tilbakebetalingstid frå to månader til fleire år, avhengig av rentebindingstid på utlåna. Innlån og avdrag blir bruttoført, dvs. at beløpa blir utgifts- og inntektsført kvar gong Innovasjon Noreg tek opp eller tilbakebetalar eit lån i statskassa, og akkumulert. Løyvinga vil variere som følgje av kor ofte ein refinansierer innlåna, men også vere avhengig av endringar i utlånsvolum og delen fastrentelån. Avdrag på innlåna blir inntektsført under kap. 5325. Løyvingsendringane på statsbudsjettet for 2024 er basert på anslag om marknadsutvikling, fordeling av flytande/faste lån, porteføljeutvikling og innbetalingar av avdrag og renter frå kundar. Innlåna er anslått å bli lågare enn det som låg til grunn ved Saldert budsjett 2024. Departementet gjer også framlegg

om å redusere avdraga, jf. omtale under kap. 5325, post 90.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 2,51 mrd. kroner, til 61,89 mrd. kroner.

Kap. 2429 Eksportkredittordninga

Post 90 Utlån

I Saldert budsjett 2024 blei det løyvd 7 mrd. kroner til utlån under staten si eksportkredittordning. Det er betalt ut meir i utlån enn venta i løpet av året. Nytt anslag for utlån under ordninga er 12 mrd. kroner. På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 5 mrd. kroner, til 12 mrd. kroner.

Kap. 2460 Eksportfinansiering Noreg

Fullmakt til å postere mot mellomværet med statskassa

Eksportfinansiering Noreg (Eksfin) tek imot innbetalingar frå kundar som både har teke opp lån under eksportkredittordninga og garantiar på same bankkonto. Føremålet er å gjere det enkelt for kundane. Innbetalingane til eksportkredittordninga blir ført i løyvingsrekneskapen, medan innbetalingane for garantiane blir overført til eigne fond for garantiordningane som er utanfor løyvingsrekneskapen. I nokre tilfelle kan det vere garantiinntekter som ikkje blir ført over i riktig periode og som dermed blir ståande som mellomvære med staten. Det er behov for at Eksfin får unnatak frå økonomiregelverket for å kunne halde fram med denne praksisen, og Nærings- og fiskeridepartementet gjer difor framlegg om fullmakt til postering mot mellomværet med statskassa, jf. forslag til vedtak IV.

3 Omtale av forslag til inntektssendingar

Kap. 3904 Brønnøysundregistra

Post 01 Gebyrinntekter

Brønnøysundregistra sine nye prognoser for gebyrinntekter for 2024 er på om lag 672 mill. kroner. Samanlikna med revidert nasjonalbudsjett 2024 forventar Brønnøysundregistra noko høgare gebyrinntekter knytt til Einingsregisteret

og Lausøyreregisteret, medan det er forventa lågare inntekter for Føretaksregisteret.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 2 mill. kroner, til 672,5 mill. kroner.

Post 02 Refusjonar, oppdragsinntekter og andre inntekter

Nærings- og fiskeridepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga med 3,6 mill. kroner mot ei tilsvarende auke under kap. 904, post 02. Endringa kjem som følgje av forventa meirinntekt frå utviklingsarbeid i Våpenregisteret som er dekt av Justis- og beredskapsdepartementet.

Kap. 3906 Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard

Post 01 Leie av bergrettar og eigedomar

Nærings- og fiskeridepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga med 45 000 kroner, til totalt 60 000 kroner. Mindreinntekta kjem som følgje av reduserte leigeinntekter etter sal av eigedom.

Post 02 Handsamingsgebyr

Nærings- og fiskeridepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga med 0,6 mill. kroner til 1,4 mill. kroner. Meirinntekta kjem som følgje av auka interesse for mineralverksemd i Noreg.

Kap. 3910 Sjøfartsdirektoratet

Post 01 Gebyr for skip og innretningar i NOR

Med bakgrunn i nye anslag frå Sjøfartsdirektoratet gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere gebyrinntektene med 10 mill. kroner, til 233,5 mill. kroner. Årsaka er mellom anna færre nybygg som søkast registrert. Dette utgjer om lag 5 mill. kroner. I tillegg skil årets rekneskap mellom gebyr for flyttbare innretningar i NOR og NIS. Løyvinga under post 01 reduserast med om lag 4,9 mill. kroner, men aukast tilsvarende for gebyr for skip i NIS under post 04, jf. omtale under denne posten.

Post 03 Ymse inntekter

Inntektene gjeld refusjonar frå andre, mellom anna Kystverket, Havtilsynet og Fritidsbåtplatt-

formen. Med bakgrunn i nye anslag frå Sjøfartsdirektoratet gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 1,75 mill. kroner, til 2,3 mill. kroner mot ein tilsvarende auke av kap. 910, post 01.

Post 04 Gebyr for skip i NIS

Med bakgrunn i nye anslag frå Sjøfartsdirektoratet gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke gebyrinntektene. Årsaka er at årets rekneskap skil mellom gebyr for flyttbare innretningar i NOR og NIS, jf. omtale under post 01, og anslagsendringar på gebyr. På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 5,1 mill. kroner, til 74,5 mill. kroner.

Kap. 3911 Konkurransetilsynet

Post 03 Refusjonar og andre inntekter

Inntektene gjeld eksterne refusjonar for kurs og konferansar. Anslagsendringa gjeld eit lågare tal på deltakarar til Konkurransetilsynets årlege fagkonferanse enn venta. På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 86 000 kroner, til 123 000 kroner.

Kap. 3912 Klagenemndssekretariatet

Post 01 Klagegebyr

Inntektene gjeld klagegebyr på rådgjevande anskaffingssaker og ulovlege direkte anskaffingar, behandla av Klagenemnda for offentlege anskaffingar. Ved utgangen av august var det innbetalt 0,8 mill. kroner i klagegebyr. Det er sannsynleg at det vil kome fleire innbetalningar i løpet av hausten. Samansetninga mellom rådgjevande klagesaker og ulovlege direkte anskaffingar gjer det vanskeleg å estimere nøyaktig kor mykje som vil bli innbetalt i klagegebyr. På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 0,2 mill. kroner, til 1 mill. kroner.

Post 87 Lovbrottsgebyr

Inntektene gjeld vedtak om brot i klagesaker om offentlege anskaffingar der det er pålagt brotsgebyr. Det er gitt brotsgebyr i 16 klagesaker og innbetalt om lag 12,7 mill. kroner per utgangen av august. Det er usikkert om det vil kome fleire

innbetalinger i løpet av året og i så fall kor mykje som vil bli innbetalt. På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 0,3 mill. kroner, til 12,7 mill. kroner.

Kap. 3917 Fiskeridirektoratet

Post 05 Sakshandsamingsgebyr

Inntektene gjeld gebyr for akvakultursøknader, søknader om ervervsløyve og andre fartøysaker i fiskeria og innmeldingsgebyr for merkeregisteret for fiskefartøy. Gebyrinntektene en ein funksjon av talet på sakar som kjem inn og varierer frå år til år. Innbetalt gebyr per andre tertial er lågare enn budsjettert. Av omsyn til realistisk budsjettering gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 5 mill. kroner, til 35 mill. kroner.

Post 13 Inntekter frå sal av løyve til oppdrett

I framlegget til revidert nasjonalbudsjett 2024 blei eit berekningsteknisk anslag lagt til grunn for inntektene frå tildelingsrunden i 2024. Dei faktiske inntektene blei 6,226 mrd. kroner. Inntektene skal delast mellom staten, og kommunar og fylkeskommunar med oppdrettsverksemd. Den kommunale delen av inntektene utgjer 55 pst. Ein viser også til omtale under kap. 919, post 60.

På dette grunnlag gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 2,671 mrd. kroner, til 6,226 mrd. kroner.

Post 86 Forvaltnings sanksjonar

Inntekter på posten gjeld tvangsmulkt og lovbrotsgebyr i fiskeri- og havbrukssaker. Omfanget av sanksjonar varierer frå år til år og har til no i 2024 vore låge. Av omsyn til realistisk budsjettering gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 8 mill. kroner, til 2 mill. kroner.

Kap. 3926 Havforskningsinstituttet, forskingsfartøy

Post 86 (ny) Inntekt frå dagbot

Det visast til omtale under kap. 926, post 01. Netto innbetaling av dagbot til Havforskningsinstituttet er anslått til 3 mill. kroner. På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om ei løyving på 3 mill. kroner.

Kap. 3935 Patentstyret

Post 01 Inntekt av informasjonstenester

Patentstyrets inntekter frå informasjonstenester er vesentleg lågare enn det som blei lagt til grunn i Saldert budsjett 2024. Dette skyldast ein generell nedgang i etterspurnaden etter forundersøkingar på varemerke- og patentområdet.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 1,5 mill. kroner, til 4,5 mill. kroner.

Kap. 3936 Klagenemnda for industrielle rettar

Post 01 Gebyr

Klagenemnda sine gebyrinntekter har vore lågare enn det som blei lagt til grunn i Saldert budsjett 2024. Dette skyldast færre innkomne klagar på avgjerder tekne av Patentstyret. Nye anslag tilseier difor at løyvinga for kap. 3936, post 01 reduserast i tråd med prinsippet om realistisk budsjettering.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 231 000 kroner, til 0,5 mill. kroner.

Kap. 3940 Internasjonaliseringstiltak

Post 71 Tilbakebetaling av støtte ved kapitalvareeksport

Ordninga med fastrentelån (CIRR-lån) til kjøparar av norske eksportvarer, den såkalla 108-ordninga, blei oppretta i 1978. Føremålet med ordninga var å fremje norsk eksport ved å tilby eksportfinansiering på same vilkår som andre land. Ordninga blei forvalta av selskapet Eksportfinans ASA, på vegner av staten. I 2011 blei 108-avtalen sagt opp med verknad for nye lån, då forvaltninga av det statlege eksportfinansieringstilbodet blei overteke av Eksportkreditt Noreg AS (no Eksportfinansiering Noreg). Den attverande porteføljen under 108-ordninga blir framleis forvalta av Eksportfinans. Av denne porteføljen står det igjen om lag 235 mill. kroner per 30. september 2024, og siste låneforfall er i 2029. Eksportfinans har fått godtgjersle for å forvalte ordninga gjennom marginar på uteståande lån. Årsresultatet av ordninga kjem fram som renteinntekter med fråtrekk i renteutgifter og godtgjersle for forvaltning, justert for oppgjer ved eventuelle førehandsinnfriingar av utlån. Årsresultata til ordninga har tidlegare blitt godskrivne eller belasta statsbudsjettet to år etter at dei kom. Oppgjera har

også dekt rentegodtgjersle for den mellomliggjende perioden fram til oppgjerdspunktet.

I Prop. 1 S (2024–2025) blei det varsla at Nærings- og fiskeridepartementet tek sikte på å avslutte avtalen med Eksportfinans ASA om forvaltning av 108-ordninga og gjere sluttoppgjere hausten 2024. Nærings- og fiskeridepartementet gjer framlegg om at avtalen mellom departementet og Eksportfinans blir sagt opp med verknad frå 30. september 2024. Sluttoppgjere skal dekkje:

1. resultatet av ordninga i 2024 fram til sluttdato
2. rentegodtgjersle for saldo under ordninga i 2024 fram til utbetaling
3. noverdi av forventa framtidige overskot i ordninga per sluttdato, og
4. rentegodtgjersle for noverdien av forventa framtidige overskot i ordninga frå avslutning til utbetaling frå Eksportfinans til departementet

Sluttoppgjere er på 2,783 mill. kroner. I tillegg blir det foreslått at 2023-resultatet til ordninga (som elles ville blitt utbetalt i 2025) på omlag 928 000 kroner, med rentegodtgjersle på om lag 68 000 kroner blir gjort opp som del av den avsluttande eingongsutbetalinga i år.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 3,8 mill. kroner, til 5,5 mill. kroner.

Kap. 3950 Forvaltning av statleg eigarskap

Post 96 Sal av aksjar

Fleire av dei børsnoterte selskapa har tilbakekjøpsprogram der selskapet blir gitt fullmakt til å kjøpe sine egne aksjar i marknaden med sikte på seinare sletting av aksjane. For desse tilfella er det etablert et avtaleverk som inneber innløyning og sletting av eit slikt tal av staten sine aksjar at staten sin eigardel i selskapet ikkje endrar seg som følgje av tilbakekjøpsprogrammet. Staten får eit vederlag for sletting av staten sine aksjar som svarar til det volumvekta gjennomsnittet av kursen selskapet har betalt for aksjane, pluss ein rentekompensasjon og justert for eventuelle utbytte. I 2024 utgjer vederlaga som staten har fått for sletting av staten sine aksjar om lag 6,2 mrd. kroner eksklusiv vederlag for sletting av staten sine aksjar i Equinor ASA, jf. kap. 3955, post 96. Desse er fordelt på 3 439,2 mill. kroner frå DNB Bank ASA, 1 893,8 mill. kroner frå Telenor ASA, 680,9 mill. kroner frå Norsk Hydro ASA.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 6,014 mrd. kroner, til 6,164 mrd. kroner.

Kap. 3952 Investinor AS

Post 50 Tilbakeført kapital, pre-så Kornfond m.m.

Nærings- og fiskeridepartementet gjer framlegg om å føre tilbake 20,7 mill. kroner frå pre-så Kornordninga i Investinor, jf. omtale under kap. 952, post 50. Tilbakebetalingane kjem frå realiseringar i 13 ulike fond og er i hovudsak avdrag på lån, men også betaling av renter. Investinor har også hatt eit overskot frå midlar knytt til ordninga med så Kornfond. Kapitalen under ordninga blir ikkje investert samstundes med innskotet frå staten. Dette kjem både av at det tek tid å fatte investeringsavgjerder, og at det tek tid før eit fond har bedt om all investeringskapitalen som investorene har gitt føremon om. Dermed blir delar av midlane mellomtids plassert i rentefond. I 2023 ga desse midlane 32,7 mill. kroner i avkastning. Det var ikkje budsjettet med eit slikt overskot i Saldert budsjett 2024. Ein viser også til tilbakebetalingar frå så Kornfonda, jf. post 90 under.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 53,3 mill. kroner, til 76,5 mill. kroner.

Post 90 Tilbakeført kapital, så Kornfond

Sidan 1997 har det blitt oppretta så Kornfond med støtte frå staten gjennom fleire bølger med fond med ulik innretning. I dei to første bølgene med fond er det dei private investorene som eig fonda, medan staten tilførte fonda kapital gjennom ansvarlege lån. I fond oppretta etter 2012 deltek staten som eigar i fonda. Lån og eigenkapital til alle fonda blei opphøveleg gitt gjennom Innovasjon Noreg, men det er i dag Investinor som følgjer opp ordninga på vegne av staten. I Prop. 1 S (2022–2023) Nærings- og fiskeridepartementet er det under kap. 952 gitt ei oversikt over dei ulike ordningane og fonda.

Under handsaminga av statsbudsjettet for 2003 og 2005 blei det løyvd 700 mill. kroner i lånekapital på ein 90-post (under streken) og 175 mill. kroner til å dekkje eventuelle tap knytt til utlåna på ein 50-post (over streken). I berekninga av tapsfond blei det lagt til grunn eit gjennomsnittleg tap på 25 pst. av lånekapitalen. I 2024 er hovuddelen av lånet til fondet Norinnova Invest AS i Tromsø tilbakebetalt, med 98,1 mill. kroner. Fondet skulle etter planen blitt avvika i 2024, men for å ta hand om attverande verdiar i fondet har Investinor gjort ein avtale om utsett tilbakebetaling av 12 mill. kroner i lån og renter i den grad det er grunnlag for det, jf. også Innst. 123 S (2023–2024) og Prop. 25 S (2023–2024) om Investinor si fullmakt til å gjere tiltak for

å ta hand om verdiar i fonda. Dersom desse verdi-ane blir realisert, vil inntekter frå sal bli tilbakeført til staten. Dei to andre uoppgjorte fonda av opphøveleg fem fond oppretta under ordninga, er planlagt avvikla tidleg i 2025.

Det er også tilbakebetalt samla 18,4 mill. kroner i utbyte frå to av såkornfonda som blei oppretta etter 2012. Det blei ikkje budsjettert med tilbakebetaling av midlar i Saldert budsjett 2024.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 116,5 mill. kroner i avdrag på lån og tilbakebetaling av kapital frå ordningane med såkornfond, til 219,1 mill. kroner.

Kap. 3955 Equinor ASA

Post 96 (ny) Sal av aksjar

Ein viser til omtale under kap. 3950, post 96 om at børsnoterte selskap kan ha tilbakekjøpsprogram der selskapet blir gitt fullmakt til å kjøpe sine egne aksjar i marknaden med sikte på seinare sletting av aksjane. Så langt i 2024 utgjer vederlaget som staten fekk for sletting av staten sine aksjar i Equinor ASA om lag 42,8 mrd. kroner. Staten sin eigardel i selskapet er vidareført med 67 pst.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om ei løyving på 42,801 mrd. kroner. Beløpet inngår i inntektene frå petroleumsverksemda som blir overført til Statens pensjonsfond utland.

Kap. 5325 Innovasjon Noreg

Post 53 Tilbakeføring av unytta tiltakspakkemidlar

Innovasjon Noreg fekk i 2020 utbetalt 2 mill. kroner til å dekkje forvaltningskostnader for ordninga Kompensasjonsordning for utgifter til lovpålagt vedlikehald i sesongverksemdar. Det står att 622 000 kroner i unytta midlar til ordninga. Det har ikkje påkome kostnader knytt til dette oppdraget hittil i 2024, og oppdraget blir sett på som ferdig.

Innovasjon Noreg fekk i 2022 utbetalt 2,5 mill. kroner til å dekkje forvaltningskostnader for ordninga Tilskot til verksemdar som har hatt inntektsbortfall i samband med krigen i Ukraina. Av desse midlane er 1,68 mill. kroner unytta. Det har ikkje påkome kostnader knytt til dette oppdraget hittil i 2024, og oppdraget blir sett på som ferdig.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 2,3 mill. kroner, til 203,1 mill. kroner.

Post 71 (ny) Tilbakeføring av omstillingsmidlar

Gjennom handsaminga av Prop. 1 S Tillegg 1 (2021–2022) blei Innovasjon Noreg pålagt å gjennomføre ei gevinstrealisering tilsvarande 100 mill. kroner over tre år. Selskapet blei i samband med nysalderinga 2021 tildelt ei løyving på 75 mill. kroner til å gjennomføre omstillingsprogrammet. Midlane blei gitt under føresetnad om at selskapet sjølv skulle dekkje minst 20 pst. av omstillingskostnadene. Innovasjon Noreg vil ha gjennomført omstillinga ved utgangen av 2024 og leverte endeleg sluttrapport til Nærings- og fiskeridepartementet i oktober i år. Departementet si vurdering er at omstillingsprosessen er gjort på ein god måte, og at det er gjennomført nødvendige effektiviseringstiltak innanfor fornuftige kostnadsrammer og dei føresetnadene som blei gitt.

Av dei 75 mill. kronene som blei gitt, står det att 80 000 kroner. På dette grunnlag gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om ei løyving på 80 000 kroner.

Post 90 Avdrag på uteståande fordringar

Posten omfattar avdrag på lån som Innovasjon Noreg har teke opp i statskassa. Ein viser til omtale av opplegget for lån under kap. 2421, post 90. Som følgje av lågare opptak av lån enn lagt til grunn i Saldert budsjett 2024, er det behov for å redusere løyvinga.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 1,2 mrd. kroner, til 61,8 mrd. kroner.

Kap. 5329 Eksportkredittordninga

Post 70 Gebyr m.m.

I Saldert budsjett 2024 blei det løyvd 20 mill. kroner til gebyr. Nytt anslag for gebyr er 25 mill. kroner. På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 5 mill. kroner, til 25 mill. kroner.

Post 90 Avdrag på uteståande fordringar

I Saldert budsjett 2024 blei det løyvd 5,4 mrd. kroner til avdrag under eksportkredittordninga. Nytt anslag er oppjustert til 8 mrd. kroner. På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 2,6 mrd. kroner, til 8 mrd. kroner.

Kap. 2440 og 5440 Statens direkte økonomiske engasjement i petroleumsverksemdaTabell 3.1 Endring av løyvingar i statsbudsjettet 2024 under kap. 2440 og 5440 Statens direkte økonomiske engasjement i petroleumsverksemda (SDØE)¹

		(i mill. kr)		
Kap./post/ underpost	Nemning	Gjeldande løyving ²	Forslag til ny løyving	Endring ¹
<i>Kap. 2440</i>				
Post 30	Investeringar	30 100	36 000	5 900
Post 31 (ny)	Kjøp av eigardelar	0	11 900	11 900
	Sum kap. 2440	30 100	47 900	17 800
<i>Kap. 5440</i>				
U.post 24.1	Driftsinntekter	272 400	311 200	38 800
U.post 24.2	Driftsutgifter	-46 600	-42 200	4 400
U.post 24.3	Leite- og feltutviklingsutgifter	-2 200	-2 500	-300
U.post 24.4	Avskrivningar	-28 000	-29 400	-1 400
U.post 24.5	Renter av staten sin kapital	-3 800	-3 800	0
Post 24	Driftsresultat	191 800	233 300	41 500
Post 30	Avskrivningar	28 000	29 400	1 400
Post 80	Renter av staten sin kapital	3 800	3 800	0
Post 85	Renter av mellomverande	0	0	0
	Sum kap. 5440	223 600	266 500	42 900
<i>SDØE sin kontantstrøm:</i>				
	Innbetalingar ³	272 400	311 200	38 800
	Utbetalingar ⁴	78 900	92 600	13 700
	Netto kontantstrøm frå SDØE	193 500	218 600	25 100

¹ Beløpa i tabellen er runda av til nærmaste 100 mill. kroner. Det kan difor førekomme avvik når tala summerast.² Revidert budsjett, jf. Innst. 447 S og Prop. 104 S (2023–2024)³ Innbetalningar = driftsinntekter⁴ Utbetalningar = driftsutgifter + leite- og feltutviklingsutgifter + investeringar

Overslaget for kap. 2440, post 30 Investeringar er auka med 5,9 mrd. kroner, til 36 mrd. kroner. Dette kjem i hovudsak som følgje av gjennomføringa av oppgjeret med Equinor for SDØE si deltaking i Danske Commodities, endring i fasing av utbyggingsinvesteringar på Troll, og auka kostnader til produksjonsboring på felt som Åsgard og Gullfaks. Overslaget for kap. 2440, post 31 Kjøp av eigardelar, er knytt til kjøp av eigardelar i gasstransportsystemet. Forslag til løyving på 11,9 mrd. kroner består av kjøpesum for overdrege eigardelar, noverdi av skatte-

balansar og forventa pro et contra-oppgjer basert på ti månaders inn- og utbetalningar. Kjøpet av eigardelar i gasstransportsystemet er omtalt nærare under.

Overslaget for kap. 5440, underpost 24.1 Driftsinntekter er auka med 38,8 mrd. kroner, til 311,2 mrd. kroner. Auken kjem av eit høgare volum for olje og gass, auka gassprisføresetnader for 2024 og oppgjeret knytt til Danske Commodities. Prisen på gass er auka frå 4,0 kr/Sm³ til 4,4 kr/Sm³ i forhold til førre anslag, medan prisen på olje er redusert frå 869,7 NOK/fat til 854,14 NOK/fat.

Overslaget for kap. 5440, underpost 24.2 Driftsutgifter er redusert med 4,4 mrd. kroner, til 42,2 mrd kroner. Dette kjem i hovudsak av reduserte utgifter til kjøp av tredjepartsgass, lågare kraftprisar og reduserte miljøavgifter.

Overslaget for kap. 5440, underpost 24.3 Leite- og feltutviklingsutgifter er auka med 300 mill. kroner, til 2,5 mrd. kroner som følgje av forventa høgare aktivitet og kostnader.

Overslaget for kap. 5440, underpost 24.4 Avskrivningar er auka med 1,4 mrd. kroner, til

29,4 mrd. kroner som følgje av høgare anslag for olje- og gassproduksjon.

Overslaget for kap. 5440, underpost 24.5 Renter av staten sin kapital er uendra.

Endringane fører samla til at driftsresultatet for SDØE er auka med 41,5 mrd. kroner, til 233,3 mrd. kroner.

Netto kontantstraum frå SDØE er rekna til 218,6 mrd. kroner, ein auke på 25,1 mrd. kroner.

Prisføresetnader:

Produkt	Gjeldande føresetnader for 2024	Nye føresetnader for 2024
Olje (NOK/fat) – laupande	869,7	854,1
Olje (USD/fat) – laupande	82,8	80,5
Gass (NOK/Sm ³) – laupande	4,0	4,4
Kondensat (NOK/Sm ³) – laupande	5 470,4	4 666,0
NGL (NOK/tonn) – laupande	5 894,4	6 027,0
Valutakurs (NOK/USD)	10,5	10,6

Kjøp av eigardelar i gasstransportsystemet

Omsynet til forsvarleg utnytting av dei norske olje- og gassressursane tilseier at størstedelen av overskotet blir teke ut i tilknytning til felta, og til dømes ikkje i infrastruktur knytt til transport. Eit velfungerande, effektivt gasstransportsystem med låge tariffar, som reflekterer den samfunnsøkonomiske kostnaden ved bruk av systemet, er viktig for å nå hovudmålet i petroleumpolitikken. Hovudmålet er å legge til rette for lønnsam produksjon av olje og gass i eit langsiktig perspektiv.

God ressursforvaltning gjennom låge tariffar har vore eit sentralt rammevilkår for utvikling og bruk av norsk gassinfrastruktur, jf. St.meld. nr. 46 (1986–87). Desse omsyna har vore berande for utviklinga og bruken av gasstransportsystemet. Dette er framheva i forarbeida til petroleumsloven og har vore gjenteke i ei rekkje seinare stortingsmeldingar og -proposisjonar.

For at gasstransportsystemet på norsk kontinentalsokkel skal brukast effektivt og utviklast heilskapleg, slik at det blir lagt til rette for god ressursforvaltning, er aktiviteten organisert med dette som føremål og underlagt omfattande reguleringar. Eigarrinnflytelsen i systemet er avgrensa som følgje av dette.

Dei sentrale delane av gasstransportsystemet blir i dag eigd gjennom interessentskapa Gassled, Nyhamna og Polarled. Store delar av Gassledløyva, herunder eksportøråra til kontinentet, har konsesjonstid som går ut i 2028. Staten har rett til statleg overtaking (heimfallsrett) ved utløpet av konsesjonstida. Andre delar av gasstransportsystemet som blir eigd av Gassled, har lenger konsesjonstid, medan enkelte anlegg ikkje har eksplisitt konsesjonstid. Nyhamna og Polarled har begge konsesjonstid til 2041. Staten har allereie betydelege eigardelar i desse systema gjennom SDØE-ordninga med Petoro som forvaltar og rettshavar.

Bakgrunnen for å varsle om bruk av heimfallsretten er at Energidepartementet har vurdert staten til å vere den mest hensiktsmessige eigaren for denne infrastruktur på vilkår som vil understøtte hovudmålet for petroleumpolitikken, inkludert låge tariffar for brukarane. Energidepartementet vurderte også at reindyrtka infrastruktur-eigarar, til dømes i eit slikt system etter utløpet av konsesjonstida, ikkje vil kunne binde kapital slik dei har gjort tidlegare ettersom tariffane då og har reflektert avkasting frå store, historiske investeringar. Energidepartementet framhevar at interessene til utvinningsselskapa i stor grad er vareteke gjennom organiseringa og reguleringa av

verksemda, som avgrensar deira interesse av å vere eigar.

Regjeringa finn det føremålstenleg å ha eit heilstatleg eigarskap for dei sentrale delane av gasstransportsystemet på lang sikt, jf. omtale i Energidepartementets Prop. 1 S (2023–2024) og Prop. 1 S (2024–2025). Eit heilskapleg eigarskap er venta å leggje til rette for ei meir rasjonell vidareutvikling og bruk av systemet, og er venta å bidra positivt til ressursforvaltninga og verdiskapinga på norsk kontinentalsokkel.

Energidepartementet formidla 28. april 2023 til dagens eigarar at staten tok sikte på å nytte seg av heimfallsretten når konsesjonstida går ut for den omfattande infrastrukturen, og at staten ønska eit felles, heilstatleg eigarskap i det sentrale gasstransportsystemet.

Energidepartementet har på bakgrunn av dette hatt sonderingar med dagens eigarar. Juridisk rådgjevar Wiersholm, finansiell rådgjevar Pareto Securities og Petoro AS har bistått Energidepartementet i prosessen. Operatøren for interessentskapa, Gassco AS, har bidrege med fakta inn i prosessen, både ovanfor departementet og eigarane.

I sonderingane kom det eit ønske frå eigarselskapa om statleg overtaking tidlegare enn ved utløpet av konsesjonstida, helst med effektiv økonomisk dato 1. januar 2024. På bakgrunn av dette sendte Energidepartementet 5. juli 2024, med atterhald om mellom anna godkjenning av Stortinget, tilbod om å kjøpe dei privateigde del-

takardelane av interessentskapa Gassled, Polarled og Nyhamna, med 1. januar 2024 som effektiv dato. Det blei også gitt tilbod om kjøp av deltakardelar i Dunkerque terminal (Frankrike) og Zeepipe terminal (Belgia), samt aksjepostar i Norse Gas GmbH (tilknytt terminal i Tyskland) som alle er knytte til eigardelane i Gassled.

Energidepartementet er opptatt av at eigarinnflytelsen i gasstransportsystemet også framover understøttar god ressursforvaltning. I tilbodet til Equinor 5. juli tok staten difor atterhald om tilstrekkeleg akseptgrad frå resterande rettshavarar. Basert på svara frå dei ulike eigarane, tilbydde departementet 3. oktober Equinor moglegheita til å selje delar av selskapet sine delar i interessentskapa Nyhamna og Polarled, slik at Equinor ville sitte igjen med ein 5 pst. eigardelane i desse interessentskapa etter salet.

Energidepartementet har inngått sals- og kjøpsavtalar med sju av dei totalt ni eigarane om kjøp av privateigde deltakardelane i dei tre interessentskapa. Avtalar er inngått med A/S Norske Shell, CapeOmega AS, ConocoPhillips Skandinavia AS, Equinor Energy AS, Hav Energy NCS Gas AS, ORLEN Upstream Norway AS og Silex Gas Norway AS. Avtalane er, i tråd med tilboda, inngått med atterhald om Stortinget si godkjenning. Nedanfor følgjer ei oversikt over staten sine kjøp av deltakardelar og resterande eigardelar i dei tre interessentskapa etter transaksjonane:

Selskap	Transaksjon i prosent			Resterande eigarskap i prosent		
	Gassled	Nyhamna	Polarled	Gassled	Nyhamna	Polarled
Petoro AS (SDØE)				100	81,3	90
Equinor ASA	5,0	25,1	32,1		5,0	5,0
CapeOmega AS	26,3	18,2	28,3			
Hav Energy NCS Gas AS	15,6		13,3			
ORLEN Upstream Norway AS		8,2				
Silex Gas Norway AS	6,4					
ConocoPhillips Skandinavia AS		1,7	4,5			
A/S Norske Shell		2,0				
North Sea Infrastructure AS					13,7	
M Vest Energy AS						5,0

Marknadsmessig verdsetting

Energidepartementet sin finansielle rådgjevar, Pareto Securities, vurderer vederlaga som staten vil betale iht. sals- og kjøpsavtalane å vere i tråd med marknadsmessig verdi av systema. Vederlaga i avtalane er basert på noverdien av forventa framtidige nettoinntekter som dagens eigarar ville hatt frå sitt eigarskap. Inntektene er knytt til myndigheitsfastsette tariffar og det er teke rimelege føresetnader knytt til marknadsbasert avkastingskrav, framtidig volum/oppsider, kostnader m.m. Transaksjonane er venta å vere verdinøytrale for staten som eigar. Transaksjonane vil leggje betre til rette for ei rasjonell vidareutvikling og bruk av transportsystemet. Dette kan medføre høgare statlege inntekter frå sektoren.

Andre sentrale høve

Tilbodet var frivillig, og i interessentskapa Nyhamna og Polarled har enkelte eigarar ikkje akseptert staten sitt tilbod. Energidepartementet er framleis interessert i å oppnå einsarta og heilstatleg eigarskap også for desse interessentskapa. Departementet tek difor sikte på at staten overtek desse eigardelane, enten ved konsesjonstida sitt utløp eller tidlegare gjennom ein avtale.

Ein likebehandlingsklausul knytt til eventuelle ytterlegare transaksjonar i interessentskapa Polarled og Nyhamna for ein periode framover, er knytt til sals- og kjøpsavtalane. Likebehandlingsklausulen inneber at dersom staten kjøper gjenståande eigardelar på meir gunstige økonomiske vilkår for seljar enn det som ligg i dei inngåtte sals- og kjøpsavtalane, kan det under visse føresetnader medføre ein etterkompensasjon til selskap som sel no.

Dei høgare statlege eigardelane vil leggjast til SDØE-ordninga, med Petoro som forvaltar og rettshavar. Det leggjast opp til eit presisert mandat for Petoro si forvaltning av SDØE-delar i Gassled, Polarled og Nyhamna. Eit presisert mandat er viktig då Petoro skal forvalte eigarskapet i gasstransportsystemet slik at selskapet vektlegg god ressursforvaltning og høg verdiskaping frå alle petroleumsressursane på kontinentalsokkelen, det vil seie ta eit heilskapleg sokkelperspektiv, uavhengig av SDØE eigardelar i felt. Petoro skal såleis i si eigarskapsutøving knytt til gassstransportsystemet ikkje leggje særskild vekt på effekten det kan ha for verdien av staten sine deltakardelar i utvinningsløyve. Petoro sitt mandat for ivaretaking av staten sine deltakardelar i utvinningsløyve vil vere uendra.

Som ledd i overdraginga forpliktar seljar seg i sals- og kjøpsavtalen til å gjennomføre nødvendige omorganiseringstiltak som tek omsyn til eventuelle tilsette som blir råka av transaksjonen. For enkelte selskap kan transaksjonen innebere at tilsette kan påberope seg reglane om verksemds-overdraging etter arbeidsmiljøloven og tilsetjingsforhold hos ny arbeidsgjevar. For Petoro, som er ein liten organisasjon med relativt få tilsette, kan dette bli krevjande å handtere innanfor løyvinga over statsbudsjettet. Regjeringa vil kome tilbake til eventuelle budsjettmessige konsekvensar ved ei slik eventuell overføring av tilsette til Petoro.

Transaksjonane kan medføre enkelte eingongskostnader for Petoro, til dømes knytt til tinglysing og dokumentavgift, og andre eksterne juridiske utgifter mv. i samband med transaksjonane. Det er viktig at Petoro har kostnadsdekning for denne typen utgifter, og ein leggjer difor opp til at Petoro kan belaste SDØE for slike transaksjonsrelaterte eingongskostnader som følgje av overtaking av eigardelar i interessentskap mv., jf. forslag til vedtak V.

Vederlaget består av ein «sokkeldel» som er på etter-skatt-basis og ein «landdel» som er på før-skatt-basis. Samla vederlag for dei selskapa som har signert avtalar er om lag 18,1 mrd. kroner, der landdelen utgjer om lag 3,65 mrd. kroner og er «før-skatt» oppgjjer. I tillegg vil staten kompensere for noverdi av selskapa sine attverande avskrivningar (skattebalansar) i petroleumsskatteregimet knytt til løyva, som utgjer om lag 0,5 mrd. kroner i vederlaget. Renter frå effektiv dato 1. januar 2024 til tidspunkt for oppgjjer er rekna til om lag 0,9 mrd. kroner. Samla utgjer brutto vederlag om lag 19,5 mrd. kroner, inkludert renter og noverdi av skattebalansar. I den grad det skulle bli endringar med betydning for vederlaget, vil desse kome i tillegg til beløpa nemnt over. Vederlag blir dekkja under kontantstraumen til SDØE og det leggjast opp til at budsjettmessige konsekvensar av transaksjonane blir innarbeidd under budsjettkapitla til SDØE, jf. kap. 2440/5440.

Ved gjennomføring av transaksjonane vil det også bli justert for kontantstraumane i perioden mellom effektiv dato 1. januar 2024 og dato for slutføring av transaksjonane i 2024. Ein legg opp til at netto kontantstrøm for dei første ti månadene i 2024 med tillegg av renter blir gjort opp saman med vederlaget og gjennomføring i 2024, medan dei siste to månadene av 2024 blir tatt som eit etteroppgjjer i 2025. Kontantstraumane omfattar dei privateigde deltakarane sin del av inn- og utbetalingar m.m. og kallast eit «pro et contra»-oppgjjer. Ved gjennomføring av transaksjonane vil

det gjerast frådrag for netto pro et contra-oppgjer, med tillegg av renter i vederlag som utbetalast netto frå staten. Netto pro et contra-oppgjer (innbetalingar fråtrekt utbetalingar) med tillegg av renter for dei første ti månadene, er estimert til om lag 7,6 mrd. kroner og kjem til frådrag i brutto vederlag på 19,5 mrd. kroner. Petoro vil sørgje for pro et contra-oppgjeret ved gjennomføring i 2024 og etteroppgjer i 2025.

Som følgje av at dato for gjennomføring er nærmare eitt år etter effektiv dato, samt at pro et contra-oppgjeret er på før-skatt-basis, vil netto utbetaling frå staten som blir belasta SDØE under kap. 2440, ny post 31 Kjøp av eigardelar, vere betydeleg lågare enn brutto vederlag.

Regjeringa legg opp til å utgiftsføre utbetaling av vederlag fråtrekt netto pro et contra-oppgjer under kap. 2440, ny post 31 Kjøp av eigardelar. Kontantstraumane for 2024 som inngår i pro et contra-oppgjeret er ikkje endeleg kjende på noverande tidspunkt, irekna etterfølgjande etter-oppgjer og avrekning i 2025. Vidare er rentejusteringane av vederlaga og kontantstraumane fram til oppgjersdato førebelse estimat. Kjøp av deltakardelar omfattar også kjøp av aksjepost der det kan oppstå forseinking i transaksjon og oppgjer. Dette inneber at samla løyvingsbehov og tidspunkt for gjennomføring av transaksjonane ikkje er kjende på førehand. For å ivareta denne usikkerheita, blir det gjort framlegg om ei fullmakt frå Stortinget. Det blir foreslått ein fullmakt til å kunne overskride løyvinga under kap. 2440, post 31 Kjøp av eigardelar for å utgiftsføre utbetalingar av netto vederlag ved slutføring av transaksjonane og som eventuelt overstig foreslått løyving, jf. forslag til vedtak V. Som følgje av at det kan oppstå forseinking i transaksjon og oppgjer, blir det også foreslått fullmakt til å ved behov kunne overføre ubrukt løyving til 2025 for å dekkje delar av oppgjeret som eventuelt blir forskyvd til 2025, jf. forslag til vedtak V.

Slutføring av transaksjonane med eit pro et contra-oppgjer for kontantstraumane for månadene november og desember 2024, vil bli gjennomført så snart dei er klare i 2025 og rekneskapsført på kap. 2440. Dette vil bli følgt opp med forslag til justering av løyvingar i samband med revidert budsjett i mai 2025.

Kap. 5460 Eksportfinansiering Noreg

Post 90 Avdrag på lån knytt til bruk av trekkfullmakt under Alminneleg garantiordning

I Saldert budsjett 2024 blei det gitt ei løyving på 4,4 mrd. kroner på post 90. I revidert nasjonal-

budsjett 2024 blei løyvinga redusert til 2,6 mrd. kroner. Eksfin har i løpet av 1. halvår betalt 2,96 mrd. kroner, og med dette har Eksfin betalt ned heile lånet som er trekt opp under trekkfullmakta. På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 360 mill. kroner, til 2,96 mrd. kroner.

Kap. 5574 Sektoravgifter under Nærings- og fiskeridepartementet

Post 77 Sektoravgifter Kystverket

Dei fire sjøtrafikksentralane i Sør-Noreg og los-tenesta er i hovudsak avgiftsfinansierte og budsjetterte med utgiftsløyvingar på kap. 916, post 22 og 46, og ei inntektsløyving på kap. 5574, post 77. Aktiviteten er noko lågare i 2024 enn føreset, og dermed ventar Kystverket lågare inntekter og lågare utgifter. Kystverket vurderer at inntektene blir reduserte med om lag 48,7 mill. kroner, medan utgiftene vil bli reduserte med om lag 28,1 mill. kroner. Nærings- og fiskeridepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga med 48,7 mill. kroner, jf. også omtale under kap. 916, post 22.

Kap. 5609 (nytt) Renter frå Norwegian Air Shuttle ASA

Post 80 Renter

Nærings- og fiskeridepartementet gjer framlegg om at renteinntekter frå hybridlån gitt av staten i samband med restrukturering av Norwegian Air Shuttle ASA i 2021 blir løyvd på nytt budsjettkapittel fordi forvaltninga av lånene blei overført frå Eksportfinansiering Noreg til Nærings- og fiskeridepartementet i 2023. Renteinntektene blei i 2023 og 2024 løyvd på kap. 5614, post 81. På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om ei løyving på 96 mill. kroner, mot ein tilsvarande reduksjon av kap. 5614, post 81.

Kap. 5613 Renter frå Siva SF

Post 80 Renter

Siva kan ta opp lån i statskassa med ein rentesats som svarar til renta på statspapir med same løpetid, innanfor ei låneramme på 700 mill. kroner. Siva tok opp eit nytt lån våren 2024 knytt til eit statspapir med låg rente og måtte difor betale eit betydeleg beløp i underkurs. På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg

om å auke løyvinga med 3,5 mill. kroner, til 14,7 mill. kroner.

Kap. 5614 Renter under Eksportfinansiering Noreg

Post 80 Renter frå lån til Alminneleg garantiordning

I Saldert budsjett 2024 blei det løyvd 180 mill. kroner i renter frå lån til Alminneleg garantiordning. I revidert nasjonalbudsjett blei løyvinga redusert med 108 mill. kroner, til 72 mill. kroner. Lånet blei betalt ned i 1. halvår 2024, og Eksfin har i 2024 betalt 33,5 mill. kroner i renter. På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 38,5 mill. kroner, til 33,5 mill. kroner.

Post 81 Renter frå Norwegian Air Shuttle ASA

Løyvinga gjeld renter frå hybridlån gitt av staten i samband med restrukturering av Norwegian Air Shuttle ASA. Nærings- og fiskeridepartementet gjer framlegg om at renteinntektene blir løyvd på nytt kap. 5609, post 80 fordi forvaltninga av låna no blir ivareteke av Nærings- og fiskeridepartementet. På dette grunnlag gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 96 mill. kroner til 0.

Kap. 5625 Renter og utbyte frå Innovasjon Noreg

Post 80 Renter på lån frå statskassa

Innovasjon Noreg kan ta opp innlån i statskassa til valfri løpetid og ein rentesats som svarer til renta på statspapir med tilsvarende løpetid, for å finansiere si utlånsværksemnd. Renteinnbetalingane har vore noko lågare enn det som blei lagt til grunn i revidert nasjonalbudsjett for 2024. Dette skuldast mellom anna lågare renter enn budsjettet, færre nye innlån, færre avdrag og dermed mindre renteinntekter.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 30 mill. kroner, til 710 mill. kroner.

Kap. 5629 Renter frå eksportkredittordninga

Post 80 Renter

I Saldert budsjett 2024 blei det løyvd 860 mill. kroner i renter frå lån under eksportkredittordninga.

På grunn av auka renter og høgare utbetalingar til større prosjekt i første halvår, er anslaget justert opp frå det opphavlege budsjettet på 860 mill. kroner til 940 mill. kroner. På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med 80 mill. kroner, til 940 mill. kroner.

Kap. 5656 Aksjar under Nærings- og fiskeridepartementet si forvaltning

Post 85 Utbyte

Ved handsaminga av Prop. 104 S og Innst. 447 S (2023–2024) blei løyvinga satt til 32 694,4 mill. kroner. Nye tal viser at utbyte frå selskapa vil bli 660 mill. kroner høgare. Utbyte frå Baneservice AS og Mesta AS blei høvesvis 1,7 og 10,0 mill. kroner høgare. Styret i Aker Solutions ASA har foreslått eit ekstraordinært utbyte på 21 kroner per aksje, noko som svarar til 632 mill. kroner i utbyte til staten. Utbetalinga føreset godkjenning av ekstraordinær generalforsamling i selskapet, som avhaldas 22. november 2024.

Siva sin eigardel i Koksa Eiendom AS på Fornebu blei seld i 2016. Eigardelen har blitt forvalta som eit særoppdrag på vegne av staten, og utbyte frå salet har blitt tilbakeført til staten. På grunn av garantiplikt ovanfor kjøpar blei ein del av utbyttet halde tilbake over nokre år. Garantiperioden har no gått ut, og Siva har motteke den siste utbetalinga på 16,3 mill. kroner som skal innbetales til statskassa. Siva Eignedom Holding AS vil framleis sitje på ein aksjepost i Koksa Eiendom AS og inkludere selskapet på lik line som dei andre tilknytte selskapa i Siva sin konsernrekneskap.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å auke løyvinga med til saman 660 mill. kroner, til 33,354 mrd. kroner.

Kap. 5685 Aksjar i Equinor ASA

Post 85 Utbyte

Ved handsaminga av Prop. 104 S og Innst. 447 S (2023–2024) blei løyvinga satt til 63 380,5 mill. kroner. Anslaget er oppdatert med siste vekslingskurs mot amerikanske dollar på 10,6 kroner per dollar.

På dette grunnlaget gjer Nærings- og fiskeridepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 1,424 mrd. kroner, til 61,957 mrd. kroner.

Nærings- og fiskeridepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet 2024 under Nærings- og fiskeridepartementet.

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2024 under Nærings- og fiskeridepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om endringer i statsbudsjettet 2024 under Nærings- og fiskeridepartementet

I

I statsbudsjettet for 2024 blir det gjort følgjande endringer:

Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
900		Nærings- og fiskeridepartementet:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 501 286 000 til kr 511 348 000	10 062 000
	21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast</i> , blir auka med frå kr 77 155 000 til kr 80 155 000	3 000 000
	27	Etablering av støttereister, blir redusert med frå kr 24 308 000 til kr 12 700 000	11 608 000
	31	Miljøtiltak Svea og Lunckefjell, <i>kan overførast</i> , blir redusert med frå kr 48 300 000 til kr 34 150 000	14 150 000
	70	Tilskot til internasjonale organisasjonar, blir auka med frå kr 58 500 000 til kr 65 000 000	6 500 000
902		Justervesenet:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 141 900 000 til kr 144 113 000	2 213 000
903		Norsk akkreditering:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 68 050 000 til kr 71 949 000	3 899 000
904		Brønnøysundregistera:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 509 900 000 til kr 520 278 000	10 378 000
	45	Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald, <i>kan overførast</i> , blir redusert med frå kr 212 963 000 til kr 170 963 000	42 000 000
905		Noregs geologiske undersøking:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 223 400 000 til kr 227 508 000	4 108 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
906		Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 70 200 000 til kr 71 250 000	1 050 000
	30	Sikrings- og miljøtiltak, <i>kan overførast</i> , blir redusert med frå kr 12 009 000 til kr 3 009 000	9 000 000
907		Norsk nukleær dekommisjonering:	
	01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under kap. 908, post 70</i> , blir redusert med frå kr 166 500 000 til kr 158 315 000	8 185 000
	21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast</i> , blir redusert med frå kr 464 200 000 til kr 314 200 000	150 000 000
908		Institutt for energiteknikk:	
	72	Lån til flytting av laboratorium og infrastruktur, blir redusert med frå kr 35 000 000 til kr 14 000 000	21 000 000
910		Sjøfartsdirektoratet:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 481 950 000 til kr 492 233 000	10 283 000
911		Konkurransetilsynet:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 136 600 000 til kr 139 284 000	2 684 000
912		Klagenemndssekretariatet:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 38 150 000 til kr 38 889 000	739 000
	21	Særskilde driftsutgifter, blir auka med frå kr 200 000 til kr 24 400 000	24 200 000
913		Daglegvaretilsynet:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 10 450 000 til kr 10 608 000	158 000
915		Regelrådet:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 12 000 000 til kr 12 258 000	258 000
916		Kystverket:	
	01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 45</i> , blir auka med frå kr 1 200 013 000 til kr 1 233 442 000	33 429 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
	21	Særskilte driftsutgifter, <i>kan overføres</i> , blir auka med frå kr 36 100 000 til kr 46 100 000	10 000 000
	22	Driftsutgifter brukarfinansierte tenester, <i>kan overføres, kan nyttast under post 46</i> , blir redusert med frå kr 1 182 634 000 til kr 1 154 584 000	28 050 000
	30	Nyanlegg og større vedlikehald, <i>kan overføres</i> , blir redusert med frå kr 883 778 000 til kr 852 778 000	31 000 000
917		Fiskeridirektoratet:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 506 170 000 til kr 513 908 000	7 738 000
	23	Prisråd for havbruk, blir redusert med frå kr 12 900 000 til kr 12 000 000	900 000
919		Ymse fiskeriføremål:	
	60	Tilskot til kommunar og fylkeskommunar, <i>kan overføres</i> , blir auka med frå kr 3 151 500 000 til kr 4 695 403 000	1 543 903 000
	75	Tilskot til næringstiltak i fiskeria, <i>kan overføres</i> , blir auka med frå kr 22 105 000 til kr 40 105 000	18 000 000
922		Romverksemd:	
	70	Kontingent i European Space Agency (ESA), blir auka med frå kr 266 470 000 til kr 267 330 000	860 000
	71	Internasjonal romverksemd, blir redusert med frå kr 508 600 000 til kr 501 392 000	7 208 000
	73	EU sine romprogram, blir auka med frå kr 824 400 000 til kr 851 495 000	27 095 000
923		Havforskningsinstituttet:	
	01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 21</i> , blir auka med frå kr 632 650 000 til kr 652 138 000	19 488 000
924		Internasjonale samarbeidsprogram:	
	70	Tilskot, blir redusert med frå kr 371 700 000 til kr 356 100 000	15 600 000
926		Havforskningsinstituttet, forskingsfartøy:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 210 750 000 til kr 216 388 000	5 638 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
935		Patentstyret:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 343 000 000 til kr 352 893 000	9 893 000
936		Klagenemnda for industrielle rettar:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 8 750 000 til kr 9 227 000	477 000
940		Internasjonaliseringstiltak:	
	21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast</i> , blir redusert med frå kr 26 130 000 til kr 23 130 000	3 000 000
	70	Eksportfremjetiltak, blir redusert med frå kr 94 700 000 til kr 39 800 000	54 900 000
951		Store Norske Spitsbergen Kulkompani AS:	
(NY)	71	Tilskot til utgreingar knyta til energisystemet i Longyearbyen, blir løyvd med	14 000 000
952		Investinor AS:	
	50	Risikokapital, blir auka med frå kr 52 500 000 til kr 73 200 000	20 700 000
	95	Kapitalinnskot, blir auka med frå kr 97 500 000 til kr 135 900 000	38 400 000
2421		Innovasjon Noreg:	
	50	Tilskot til etablerarar og bedrifter, inkl. tapsavsetjingar, blir auka med frå kr 1 105 800 000 til kr 1 111 800 000	6 000 000
	70	Basiskostnader, blir auka med frå kr 176 336 000 til kr 260 336 000	84 000 000
	90	Lån frå statskassa til utlånsverksemd, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med frå kr 64 400 000 000 til kr 61 890 000 000	2 510 000 000
2429		Eksportkredittordninga:	
	90	Utlån, blir auka med frå kr 7 000 000 000 til kr 12 000 000 000	5 000 000 000
2440		Statens direkte engasjement i petroleumsverksemda:	
	30	Investeringar, blir auka med frå kr 30 100 000 000 til kr 36 000 000 000	5 900 000 000
(NY)	31	Kjøp av eigardelar, blir løyvd med	11 900 000 000

Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
3904		Brønnøysundregistera:	
	01	Gebyrinntekter, blir redusert med frå kr 674 465 000 til kr 672 465 000	2 000 000
	02	Refusjonar, oppdragsinntekter og andre inntekter, blir auka med frå kr 34 541 000 til kr 38 141 000	3 600 000
3906		Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard:	
	01	Leige av bergrettar og eigedommar, blir redusert med frå kr 105 000 til kr 60 000	45 000
	02	Handsamingsgebyr, blir auka med frå kr 835 000 til kr 1 435 000	600 000
3910		Sjøfartsdirektoratet:	
	01	Gebyr for skip og flyttbare innretningar i NOR, blir redusert med frå kr 243 456 000 til kr 233 456 000	10 000 000
	03	Ymse inntekter, blir auka med frå kr 522 000 til kr 2 272 000	1 750 000
	04	Gebyr for skip i NIS, blir auka med frå kr 69 400 000 til kr 74 510 000	5 110 000
3911		Konkurransetilsynet:	
	03	Refusjonar og andre inntekter, blir redusert med frå kr 209 000 til kr 123 000	86 000
3912		Klagenemndssekretariatet:	
	01	Klagegebyr, blir auka med frå kr 800 000 til kr 1 000 000	200 000
	87	Lovbrottsgebyr, blir auka med frå kr 12 400 000 til kr 12 700 000	300 000
3917		Fiskeridirektoratet:	
	05	Sakshandsamingsgebyr, blir redusert med frå kr 40 049 000 til kr 35 049 000	5 000 000
	13	Inntekter frå sal av løyve til oppdrett, blir auka med frå kr 3 555 700 000 til kr 6 226 492 000	2 670 792 000
	86	Forvaltningssanksjonar, blir redusert med frå kr 10 000 000 til kr 2 000 000	8 000 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
3926		Havforskningsinstituttet, forskingsfartøy:	
(NY)	86	Inntekt frå dagbot, blir løyvd med	3 000 000
3935		Patentstyret:	
	01	Inntekt av informasjonstenester, blir redusert med frå kr 6 000 000 til kr 4 500 000	1 500 000
3936		Klagenemnda for industrielle rettar:	
	01	Gebyr, blir redusert med frå kr 731 000 til kr 500 000	231 000
3940		Internasjonaliseringstiltak:	
	71	Tilbakebetaling av støtte ved kapitalvareeksport, blir auka med frå kr 1 700 000 til kr 5 478 000	3 778 000
3950		Forvaltning av statleg eigarskap:	
	96	Sal av aksjar, blir auka med frå kr 150 000 000 til kr 6 163 834 000	6 013 834 000
3952		Investinor AS:	
	50	Tilbakeført kapital, pre-så Kornfond m.m., blir auka med frå kr 23 200 000 til kr 76 500 000	53 300 000
	90	Tilbakeført kapital, så Kornfond, blir auka med frå kr 102 600 000 til kr 219 100 000	116 500 000
3955		Equinor ASA:	
(NY)	96	Sal av aksjar, blir løyvd med	42 800 640 000
5325		Innovasjon Noreg:	
	53	Tilbakeføring av unytta tiltakspakkemidler, blir auka med frå kr 200 839 000 til kr 203 139 000	2 300 000
(NY)	71	Tilbakeføring av omstillingsmidlar, blir løyvd med	80 000
	90	Avdrag på uteståande fordringar, blir redusert med frå kr 63 000 000 000 til kr 61 800 000 000	1 200 000 000
5329		Ekspportkredittordninga:	
	70	Gebyr m.m., blir auka med frå kr 20 000 000 til kr 25 000 000	5 000 000
	90	Avdrag på uteståande fordringar, blir auka med frå kr 5 400 000 000 til kr 8 000 000 000	2 600 000 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
5440		Statens direkte økonomiske engasjement i petroleumsverksemda:	
	24	Driftsresultat:	
		1 Driftsinntekter	311 200 000 000
		2 Driftsutgifter	-42 200 000 000
		3 Leite- og feltutviklingsutgifter	-2 500 000 000
		4 Avskrivningar	-29 400 000 000
		5 Renter av statens kapital	-3 800 000 000
			<u>233 300 000 000</u>
	30	Avskrivningar, blir auka med frå kr 28 000 000 000 til kr 29 400 000 000	1 400 000 000
5460		Eksportfinansiering Noreg:	
	90	Avdrag på lån knytt til bruk av trekkfullmakt under Alminneleg garantiordning, blir auka med frå kr 2 600 000 000 til kr 2 960 000 000	360 000 000
5574		Sektoravgifter under Nærings- og fiskeridepartementet:	
	77	Sektoravgifter Kystverket, blir redusert med frå kr 1 176 971 000 til kr 1 128 271 000	48 700 000
5609		Renter frå Norwegian Air Shuttle ASA:	
(NY)	80	Renter, blir løyvd med	96 000 000
5613		Renter frå Siva SF:	
	80	Renter, blir auka med frå kr 11 200 000 til kr 14 700 000	3 500 000
5614		Renter under Eksportfinansiering Noreg:	
	80	Renter frå lån til Alminneleg garantiordning, blir redusert med frå kr 72 000 000 til kr 33 500 000	38 500 000
	81	Renter frå Norwegian Air Shuttle ASA, blir redusert med frå kr 96 000 000 til kr 0	96 000 000
5625		Renter og utbytte frå Innovasjon Norge:	
	80	Renter på lån frå statskassa, blir redusert med frå kr 740 000 000 til kr 710 000 000	30 000 000
5629		Renter frå eksportkredittordninga:	
	80	Renter, blir auka med frå kr 860 000 000 til kr 940 000 000	80 000 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
5656		Aksjar under Nærings- og fiskeridepartementet si forvaltning:	
	85	Utbyte, blir auka med	660 000 000
		frå kr 32 694 400 000 til kr 33 354 400 000	
5685		Aksjar i Equinor ASA:	
	85	Utbyte, blir redusert med	1 423 800 000
		frå kr 63 380 500 000 til kr 61 956 700 000	

II

Tilføying av stikkord

Stortinget samtykkjer i at stikkordet «kan overførast» føyast til:

1. kap. 919 Ymse fiskeriføremål, post 60 Tilskot til kommunar og fylkeskommunar.
2. kap. 950 Forvaltning av statleg eigarskap, post 96 Aksjar.

III

Meirinntektsfullmakt og fullmakt til å kunne utbetale i 2025

Stortinget gjer samtykke til at Nærings- og fiskeridepartementet i 2024 kan overskride løyvinga under kap. 919 Ymse fiskeriføremål, post 60 Tilskot til kommunar og fylkeskommunar mot 55 pst. av meirinntekter under kap. 3917 Fiskeridirektoratet, post 13 Inntekter frå sal av løyve til oppdrett i samband med tildeling av oppdrettsløyve. Tilsvarande skal eventuelle mindreinntekter under kap. 3917, post 13 innebere at utbetalingar under kap. 919, post 60 reduserast høvesvis med 55 pst. Vidare skal 55 pst. av meirinntekter som ikkje blir utbetalt i 2024, kunne bli utbetalt i 2025.

IV

Fullmakt til postering på mellomværet med statskassa

Stortinget samtykkjer i at Nærings- og fiskeridepartementet i 2024 kan gi Eksportfinansiering

Noreg fullmakt til å føre inntekter frå garantiordningane mot mellomværet med statskassa. Mellomværet blir utlikna i påfølgjande periode når inntektene blir overført til dei enkelte garantiordningane.

V

Kjøp av deltakardelar i gasstransportinteressentskap

Stortinget samtykker i at Nærings- og fiskeridepartementet i 2024, i samband med kjøp av deltakardelar i gasstransportinteressentskap, kan gi Petoro AS fullmakt til å:

1. Belaste kap. 5440 Statens direkte økonomiske engasjement i petroleumsverksemda for eksterne transaksjonsrelaterte utgifter som følgje av kjøp av eigardelar i gasstransportinteressentskap.
2. Overskride løyvinga i 2024 under kap. 2440 Statens direkte økonomiske engasjement i petroleumsverksemda, post 31 Kjøp av eigardelar, for å dekkje netto utbetalingar ved slutføring av transaksjonane.
3. Overføre nødvendig, ubrukt løyving under kap. 2440 Statens direkte økonomiske engasjement i petroleumsverksemda, post 31 Kjøp av eigardelar, til 2025. Beløpet blir avgrensa til å dekkje delar av oppgjer som eventuelt blir forskyvd til 2025.

